

## Innkalling

---

**Utval:** Sykkylven kontrollutval

**Møtestad:** Sykkylven rådhus

**Dato:** 19.06.2024

**Tidspunkt:** Kl. 13:30

---

Den som har lovleg forfall eller vil ha vurdert habilitet til ei eller fleire av sakene, må melde frå snarast mogleg til sekretariatet på e-post: [post@sksiks.no](mailto:post@sksiks.no) eller på telefon 90741399

Varamedlem møter etter nærare innkalling frå sekretariatet.

### Sakliste

PS 13/24 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

PS 14/24 Rapport frå risiko- og vesentlegvurdering 2024 - Sykkylven kommune

PS 15/24 Meldingar

MS 08/24 Innspel frå Norsk forbund for utviklingshemmede - Sykkylven og Stranda lokallag

MS 09/24 Informasjon om bladet kontroll & revisjon

Ålesund, 11.06.2024

Leonhard Vårdal  
Leiar kontrollutval

Solveig Kvamme  
Seniorrådgivar SKS IKS

## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 13/24	Sykkylven kontrollutval	19.06.2024

### **Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte**

**Sekretariatet si tilråding:**

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

**Vedlegg**

Møteprotokoll - Sykkylven kontrollutval - 02.05.2024

## Møteprotokoll

---

**Utval:** Sykkylven kontrollutval  
**Møtestad:** Sykkylven rådhus, formannskapssalen  
**Dato:** 02.05.2024  
**Tidspunkt:** kl. 13:30 - 14:30

---

### Følgjande medlemmer møtte

Bente Vik  
Leonhard Vårdal  
Marit Jørgensen Reite  
Roger Welle  
Stig Ålgårdstad

### Møtenotat

Til stades i møtet var:

Frå Møre og Romsdal Revisjon SA: Oppdragsansvarleg revisor Linn G. Pettersen  
Frå kommuneadministrasjonen: Kommunedirektør Torbjørn Emblem  
Frå kontrollutvalsekretariatet Solveig Kvamme

Kontrollutvalet bestemte at neste møte som er beramma til 29. mai, vert utsett til **19.juni**. Dette fordi rapporten frå risiko- og vesentlegvurderinga ikkje er klar slik at den kan handsamast allereie 29. mai.

Leonhard Vårdal  
Leiar kontrollutval

Solveig Kvamme  
Seniorrådgivar SKS IKS

## **Sakliste**

- PS 08/24 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
- PS 09/24 Sykkylven kontrollutval sin uttale til årsrekneskap og årsmelding 2023
- PS 10/24 Rapport frå revisor etter årsoppgjer 2023
- PS 11/24 Oppfølging av vedtak etter eigarskapskontroll 2023
- PS 12/24 Meldingar
- MS 05/24 Informasjon frå Forum for kontroll og tilsyn FKT
- MS 06/24 Dato for generalforsamlinger og representantskap 2024
- MS 07/24 Kommunestyret sitt vedtak etter rapport frå eigarskapskontroll 2023

## **PS 08/24 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte**

**Sykkylven kontrollutval 02.05.2024**

### **SYKU 08/24 Vedtak:**

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

### **Behandling**

Votering: Samrøystes

### **Sekretariatet si tilråding:**

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

## **PS 09/24 Sykkylven kontrollutval sin uttale til årsrekneskap og årsmelding 2023**

**Sykkylven kontrollutval 02.05.2024**

### **SYKU 09/24 Vedtak:**

Etter ei samla vurdering av det kontrollutvalet har fått lagt fram og i dialog med revisor, uttaler kontrollutvalet at Sykkylven kommunestyre kan godkjenne årsrekneskap og årsmelding 2023 for Sykkylven kommune.

### **Behandling**

Kontrollutvalet fekk ei kort orientering frå revisor.

Votering: Samrøystes

### **Sekretariatet si tilråding:**

Etter ei samla vurdering av det kontrollutvalet har fått lagt fram og i dialog med revisor, uttaler kontrollutvalet at Sykkylven kommunestyre kan godkjenne årsrekneskap og årsmelding 2023 for Sykkylven kommune.

## **PS 10/24 Rapport frå revisor etter årsoppgjær 2023**

**Sykkylven kontrollutval 02.05.2024**

### **SYKU 10/24 Vedtak:**

Kontrollutvalet tek revisor sin årsoppgjær rapport 2023 til vitande.

**Behandling**

Kontrollutvalet fekk ei kort orientering frå revisor. Kommunedirektøren svarte på dei spørsmål kontrollutvalet hadde.

Votering: Samrøystes

**Sekretariatet si tilråding:**

Kontrollutvalet tek revisor sin årsoppgjersrapport 2023 til vitande.

**PS 11/24 Oppfølging av vedtak etter eigarskapskontroll 2023**

Sykkylven kontrollutval 02.05.2024

**SYKU 11/24 Vedtak:**

Kontrollutvalet har motteke informasjon om kommunedirektøren si oppfølging, og vurderer at kommunestyret sitt vedtak er tilstrekkeleg følgt opp. Kontrollutvalet reknar eigarskapskontrollen 2023 for avslutta.

**Behandling**

Kommunedirektøren gav kontrollutvalet litt utfyllande informasjon.

Votering: Samrøystes

**Sekretariatet si tilråding:**

Kontrollutvalet har motteke informasjon om kommunedirektøren si oppfølging, og vurderer at kommunestyret sitt vedtak er tilstrekkeleg følgt opp. Kontrollutvalet reknar eigarskapskontrollen 2023 for avslutta.

**PS 12/24 Meldingar****MS 05/24 Informasjon frå Forum for kontroll og tilsyn FKT**

Sykkylven kontrollutval 02.05.2024

**SYKU 05/24 Vedtak:**

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

**Behandling**

Votering: Samrøystes

**Sekretariatet si tilråding:**

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

## **MS 06/24 Dato for generalforsamlinger og representantskap 2024**

**Sykkylven kontrollutval 02.05.2024**

**SYKU 06/24 Vedtak:**

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

**Behandling**

Votering: Samrøystes

**Sekretariatet si tilråding:**

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

## **MS 07/24 Kommunestyret sitt vedtak etter rapport frå eigarskapskontroll 2023**

**Sykkylven kontrollutval 02.05.2024**

**SYKU 07/24 Vedtak:**

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

**Behandling**

Votering: Samrøystes

**Sekretariatet si tilråding:**

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 14/24	Sykkylven kontrollutval	19.06.2024

### Rapport frå risiko- og vesentlegvurdering 2024 - Sykkylven kommune

#### Sekretariatet si tilråding:

1. Kontrollutvalet tek den framlagte rapporten frå risiko- og vesentleganalyse til vitande.
2. Kontrollutvalet vel ut følgjande områder/tema for forvaltningsrevisjon:
  - a)
  - b)
  - c)
3. Kontrollutvalet vel ut følgjande områder/tema for eigarskapskontroll:
  - a)
  - b)
4. Kontrollutvalet bed sekretariatet utarbeide eit forslag til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for perioden 2024-2027, til utvalsmøtet i september.

#### Bakgrunn:

Ei av oppgåvene til kontrollutvalet er å gjennomføre forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Forvaltningsrevisjon kan gjennomførast både i kommunale verksemder og i selskap kommunen eig.

Forvaltningsrevisjon er eit verktøy som skal bidra til å betre måloppnåinga og auke kvaliteten på dei kommunale tenestene, enten tenestene vert levert av kommunen sjølv eller gjennom kommunale selskap.

Eigarskapskontroll er eit verktøy som kontrollutvalet har for å sjå etter om selskapa er under demokratisk styring og kontroll, og om eigar ivaretek eigarinteressene.

Både forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar bør gjennomførast på ein planmessig



måte basert på ei risiko- og vesentlegvurdering. Formålet med risiko- og vesentlegvurderinga er at kontrollutvalet skal kunne identifisere kor det er størst behov for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

30. november 2023 vedtok kontrollutvalet å bestille ei risiko- og vesentlegvurdering av Sykkylven kommune si verksemd og dei kommunalt eigde selskapa. Bestillinga gjekk til Møre og Romsdal Revisjon SA, på bakgrunn av ein prosjektplan med ei ramme på 135 timar. Prosjektplanen vart godkjent i kontrollutvalet sitt møte 28. februar 2024.

Kontrollutvalet har ved fleire høve fått gje sine innspel til arbeidet med risiko- og vesentlegvurderinga.

For perioden 2019-2023 vart det gjennomført to forvaltningsrevisjonar og ein eigarskapskontroll i Sykkylven kommune:

- Offentlege innkjøp og ansakffingar 2020-2021
- Ressursbruk barnehage 2022-2023
- Eigarskapskontroll 2023-2024

Det er ikkje gjennomført forvaltningsrevisjon i selskap i denne perioden i Sykkylven. Men som ein del av eigarskapskontrollen vart det mellom anna sett på kommunen si eigarstyring inn mot selskapa Sykkylven Energi Holding AS, Sykkylven Bustadselskap AS og Aure Omsorgsbustader AS

#### **Vurdering:**

Sekretariatet mottok 8. juni 2024 Møre og Romsdal Revisjon SA sin rapport frå risiko- og vesentlegvurderinga av Sykkylven kommune.

Rapporten gir kontrollutvalet eit grunnlag for å prioritere områder for forvaltningsrevisjon og for eigarskapskontroll. Sekretariatet går ut frå at revisjonen ikkje har gått ut over den ramma som var sett på 135 timar, for arbeidet med dette prosjektet.

Det har vore eit utgangspunkt at utvalet bestiller inntil ein forvaltningsrevisjon i året, i løpet av perioden planen skal gjelde for. Forvaltningsrevisjonen vil då vere av den kommunale verksemda eller av eit av dei heileigde selskapa. I tillegg kjem gjennomføring av ein eigarskapskontroll i perioden.

Kontrollutvalet bør i møtet 19.juni drøfte rapporten nøye.

Kjenner utvalet igjen risikobiletet i kommunen og selskapa gjennom denne rapportene?

Kva av områda som rapporten peikar på meiner utvalet er viktigast å prioritere?

Det vere seg område, tema og eventuelt selskap de ynskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon på i løpet av perioden. Denne prioriteringa skal basere seg på risiko- og vesentlegheit, og ikkje vere eit tilfeldig valgt område.

Om kontrollutvalet vel andre områder enn det som kjem fram i rapporten, bør det grunnjevast godt ut frå risiko og vesentlegheit.

Når det gjeld eigarskapskontroll så kan ein slik kontroll gjerne ha eit meir generelt innsteg, td. oppfølging av funna frå den forrige kontrollen. Kontrollutvalet bør likevel ta stilling til kva selskap ein ynskjer at kontrollen skal sjå på, med tanke på om kommunen forvaltar eigarinteressene i samsvar med kommunestyret sine vedtak og i tråd med aktuelt lovverk.

Med bakgrunn i dei drøftingar og prioriteringar som utvalet gjer i møtet, vil sekretariatet

utarbeide eit forslag til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for perioden 2024-2027. Forslaget vert lagt fram for kontrollutvalet til møtet 18.september 2024. Kontrollutvalet gjer då vedtak på si tilråding og sender planane vidare til kommunestyret for behandling.

Plan for forvaltningsrevisjon 2024-2027 og Plan for eigarskapskontroll 2024-2027 skal begge vedtakast av kommunestyret innan utgangen av 2024.

**Lovheimlar:**

- Kommuneloven § 23-3 Forvaltningsrevisjon
- Kommuneloven § 23-4 Eierskapskontroll

**Vedlegg**

Rapport frå risiko- og vesentlegvurdering 2024



# RISIKO- OG VESENTLEGVURDERING 2024-2027

---

Sykkylven Kommune

Grunnlagsdokument for plan for forvaltningsrevisjon og plan for  
eigarskapskontroll 2024-2027

juni 2024

Møre og Romsdal Revisjon SA er eit samverkeføretak eigd av kommunane Aure, Averøy, Kristiansund, Rindal, Smøla, Surnadal, Tingvoll, Aukra, Hustadvika, Gjemnes, Molde, Rauma, Sunndal, Vestnes, Fjord, Giske, Sula, Stranda, Sykkylven, Haram og Ålesund samt Møre og Romsdal fylkeskommune. Selskapet utfører rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og andre revisjonsteneste for eigarane. Hovudkontoret ligg i Kristiansund og det er avdelingskontor i Ålesund, Molde og Surnadal.

Tidlegare rapportar frå Møre og Romsdal Revisjon SA er på heimesida vår: [www.mrrevisjon.no](http://www.mrrevisjon.no)

## FORORD

Møre og Romsdal Revisjon SA har etter avtale med kontrollutvalet i kommunen gjennomført ein risiko- og vesentlegvurdering av verksemda i kommunen. Dette gir eit grunnlag for kontrollutvalet sin vidare prosess med utarbeiding av plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for perioden 2023-2027.

Risiko- og vesentlegvurdering (ROV) går gjennom kommunal verksemd og eigarskap i Sykkylven kommune. Rapporten summerer opp resultatane frå gjennomgangen vår av verksemda, på bakgrunn av dei identifiserte risikoane som ligg til grunn for gjennomføring av forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

Vi takkar kontrollutvalet, sekretariatet, folkevalde og kommunedirektøren med administrasjon for nyttige bidrag. Bidraga har skapt eit godt utgangspunkt for kontroll og betring av Sykkylven kommune.

Ålesund, 08.06.2024

Ingrid Walstad Larsen  
Oppdragsansvarleg revisor

Charlotte Blomvik  
Forvaltningsrevisor

## SAMANDRAG

Møre og Romsdal Revisjon SA har gjennomført risiko- og vesentlegvurdering av kommunens verksemd, og av selskapa kommunen har eigarinteresser i, som grunnlag for utarbeiding av plan for forvaltningsrevisjon (FR) og plan for eigarskapskontroll (EK). Arbeidet er utført etter bestilling frå kontrollutvalet i Sykkylven kommune.

## RISIKO- OG VESENTLEGVURDERING

Risiko er at det skjer noko som gjer at kommunen ikkje når sine målsettingar. Risikofaktorar er moglege hendingar som gjer at kommunen ikkje når sine målsettingar. Analysen setter opp de viktigaste risikofaktorane som kan hindre kommunen i å nå sine mål. I vurderingane er det tatt omsyn til dei tiltak kommunen har iverksett for å sikre en tryggande internkontroll.

Risikofaktorane er vurdert ut frå sannsyn for at den inntreffer, og den konsekvensen det vil ha om det inntreffer. Konsekvensane kan ha følger for kommunens egen verksemd og/eller kommunens innbyggjarar. Det vil alltid vere ein viss risiko for at kommunen ikkje når sine mål, men mykje av denne risikoen har både lav sannsyn og lav konsekvens.

Avslutningsvis blir vesentlegheit vurdert, som er en samla vurdering av alvorsgraden i den trusselen som den enkelte risikofaktor representerer når det kommer til kommunens måloppnåing. Vesentlegheit kan vurderast frå ulike perspektiv:

<ul style="list-style-type: none"> <li>• Økonomisk perspektiv</li> <li>• Politisk perspektiv</li> <li>• Brukarens perspektiv</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Medarbeidarens perspektiv</li> <li>• Samfunns- og miljøperspektiv</li> </ul>
---	---

## FORVALTNINGSREVISJON

Kontrollutvalet skal i henhald til Kommunelova § 23-2 påsjå at det utførast forvaltnings-revisjon av kommunens verksemd, og av selskap kommunen har eigarinteresser i.

Forvaltningsrevisjon er heimla i Kommunelova § 23-3 og er en del av kommunens eigenkontroll, og kommunestyrets kontroll med kommunens forvaltning. Forvaltningsrevisjonens rolle er å undersøke om kommunens verksemd skjer i tråd med gjeldande lover og regler, og kommunens planer og vedtak. Fokus kan og rettes mot effektivitet og kvalitet i produksjonen av velferd for kommunens innbyggjarar. Forvaltningsrevisjon er en form for revisjon av offentleg virksomheit som i Kommunelova blir definert som:

«Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak».

---

## EIGARSKAPSKONTROLL

Eigarskapskontroll inneber å kontrollere om den som utøver kommunens eigarinteresser, gjer dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets vedtak og anerkjente prinsipp for eigarstyring.

Det er et skilje mellom eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon av selskapet. Praxis tilseier likevel at det er en glidande overgang mellom disse to hovudkategoriane, og at det i enkelte tilfelle kan være vanskeleg å skilje mellom kva som inngår i desse kategoriane. Disse utgjer likevel to adskilte kontrollformer, og dei er regulert gjennom kvar sin paragraf i Kommuneleva. Av denne grunn er områdene omtalt i egne kapittel.

---

## RISIKO- OG VESENTLEGSVURDERING SOM GRUNNLAG FOR PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON

Kommuneleva § 23-3, 2. ledd bestemmer at kontrollutvalet minst éin gang i valperioden, og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, skal utarbeide en plan som viser kva områder det skal gjennomførast forvaltningsrevisjonar. Planen skal baserast på en risiko- og vesentlegsvurdering av kommunens virksomhet og virksomheten i kommunens selskap. Hensikten med risiko- og vesentlegvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.

Møre og Romsdal Revisjon SA har i denne rapporten utarbeidd en risiko -og vesentlegvurdering som kontrollutvalet skal bruke som grunnlag ved utarbeiding av plan for forvaltningsrevisjon 2024 til 2027.

---

## RISIKO- OG VESENTLEGSVURDERING SOM GRUNNLAG FOR PLAN FOR EIGARSKAPSKONTROLL

Kommuneleva § 23-4, 2. ledd bestemmer at kontrollutvalet minst éin gong i valperioden, og senast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, skal utarbeide en plan for kva slags eigarskapskontroller som skal gjennomførast. Planen skal baserast på en risiko- og vesentlegsvurdering av kommunens og fylkeskommunens eigarskap. Hensikten med risiko- og vesentlegvurderinga er å finne ut kor det er størst behov for eigarskapskontroll.

Møre og Romsdal Revisjon SA har i denne rapporten utarbeidd en risiko og vesentlegvurdering som kontrollutvalet skal bruke som grunnlag ved utarbeiding av plan for eigarskapskontroll 2024 til 2027.

---

## AKTUELLE OMRÅDER OG TEMA FOR FORVALTNINGSREVISJON

Basert på gjennomført risiko -og vesentlegvurdering er følgande områder vurdert å ha størst risiko:

Basert på gjennomført risiko- og vesentlegvurdering er det særleg aktuelt å gjennomføre forvaltningsrevisjonsprosjekt innan følgjande tema:

- Villkår for lokaldemokratiet: Lokaldemokrati
- Internkontroll
- Etikk og varslingsrutinar: Oppfølging varslingsrutinar
- Interkommunale samarbeid
- Digitalisering og informasjonstrygging: Personvern, handsaming av sensitive opplysningar, derunder datahandsamingsavtalar og arkivering
- Offentlege innkjøp: Oppfølging forvaltningsrevisjon innkjøp
- Klart språk
- Personalforvaltning
- Oppvekst: Oppfølging av forvaltningsrevisjon frå 2023, Rekruttering, bemanning og kompetanse
- Barneverntenesta
- Helse- og omsorg: Kvalitet og ressursbruk
- Utrydding av fattigdom: Barn i fattige familier
- Plan og teknikk: Vatn og avløp

Vidare i rapporten er det meir utfyllande om kva for funn og indikatorar som er lagt til grunn for vurderinga vår om at det er desse tema og vinklingane som har høg risiko. I rapporten er det fleire tema som vi har vurdert til middels risiko, som kontrollutvalet kan prioritere opp om det er grunn til det.

---

## AKTUELLE OMRÅDE FOR EIGARSKAPSKONTROLL

Basert på gjennomført risiko- og vesentlegvurdering er det særleg aktuelt å gjennomføre eigarskapskontroll innan følgjande tema:

- Eigarstyring- og oppfølging
  - Kommunen har tydelege mål og prinsipp for eigarskapet, og følgjer opp dei
  - Praktisering av offentlegheit
  - Føremålet med eigarskap er klart
  - Kontroll av om selskap når sine mål
  - Kommunestyret sine vedtak blir følgt
  - Føringer for kompetanse og styresamansetjing
- Attvin AS, berekraft, sjølvkost
- Sykkylven Energi Holding AS, måloppnåing



## INNHALD

1.	INNLEIING .....	8
1.1	Bestilling .....	8
1.2	Risiko- og vesentlegvurdering .....	8
1.3	Forvaltningsrevisjon .....	8
1.4	Forvaltningsrevisjon i selskap kommunen eig .....	9
1.5	Eigarskapskontroll .....	9
1.6	Metode .....	9
1.7	Oppbygging av rapporten - lesarettleiing .....	13
2.	OM KOMMUNEN .....	14
2.1.	Organisering .....	14
2.2.	Kommunen sin visjon, mål og satsingsområde .....	15
2.3.	Økonomiske rammer og måltal .....	15
2.4.	Kommunebarometeret .....	16
2.5.	Interkommunale samarbeid .....	18
3.	RISIKO- OG VESENTLEGVURDERING I KOMMUNEN -FORVALTNINGSREVISJON .....	19
3.1	Berekraft og samfunnsutvikling .....	19
3.2	Lokaldemokrati .....	23
3.3	Tillitsskapande forvaltning .....	27
3.4	Tenesteyting og myndighetsutøvelse .....	38
4.	RISIKO- OG VESENTLEGVURDERING I SELSKAP – EIGARSKAPSKONTROLL OG FORVALTNINGSREVISJON I SELSKAP .....	59
4.1	Innleiing .....	59
4.2	Om kommunalt eigarskap .....	60
4.3	Kjelder til data .....	61
4.4	Elgarskap i Sykkylven kommune .....	61
4.5	Risiko- og vesentlegvurdering i selskap .....	63
4.6	Forvaltningsrevisjon i selskap .....	65
5.	REFERANSELISTE .....	68
6.	VEDLEGG 1: INTERKOMMUNALE SELSKAP .....	70

## 1. INNLEIING

### 1.1 BESTILLING

Møre og Romsdal Revisjon SA har gjennomført risiko- og vesentlegvurdering av kommunen si verksemd som grunnlag for kontrollutvalet si utarbeiding av plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll etter bestilling frå kontrollutvalet i sak 23/141.

Kontrollutvalet skal syte for at det blir gjennomført forvaltningsrevisjon i kommunen og i selskap kommunen har eigarinteresser i, og at kommunen sine eigarinteresser i selskap blir kontrollert. For å sikre at kommunestyret vel dei mest relevante prosjekta, skal kontrollutvalet utarbeide ein plan for forvaltningsrevisjon og ein plan for eigarskapskontroll, jf. kommunelova §§ 23-3 og 23-4. Planane skal vere basert på risiko- og vesentlegvurdering.

I dette kapitelet ser vi nærare på kva risiko- og vesentlegvurdering, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll er samt metode og kva for informasjonsgrunnlag vi har nytta som grunnlag for vurderingane våre.

### 1.2 RISIKO- OG VESENTLEGVURDERING

Føremålet med risiko- og vesentlegvurderinga er å avdekkje dei områda der det kan vere størst behov for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Det finst ingen spesifikke krav til korleis ein skal gjennomføre denne vurderinga, anna enn at ho skal byggje på ei evaluering av risiko og kva som er vesentleg.

Risiko omfattar potensialet for avvik frå regelverk, mål, vedtak og andre retningslinjer som kommunen har for verksemda. Risiko består av både sannsynet og konsekvensen av slike avvik. Vesentlegheit kan vurderast frå ulike perspektiv, inkludert økonomi, politikk, brukarbehov, medarbeidarinteresser, samt samfunns- og miljømessige omsyn.

Det finst ingen objektiv storleik som kan nyttast til å avgjere kva som er vesentleg. For å prioritere mellom områda der det er identifisert risiko for avvik, må kontrollutvalet til slutt gjere ei skjønsmessig vurdering av kva område som er mest vesentleg.

### 1.3 FORVALTNINGSREVISJON

Forvaltningsrevisjon er systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, etterleving av reglar, måloppnåing og verknader basert på vedtak frå kommunestyret eller fylkestinget.

Forvaltningsrevisjon fungerer som ein kontrollmekanisme mellom kommunestyret og administrasjonen samtidig som ho kan ha stor betydning for læring og utvikling.

## 1.4 FORVALTNINGSREVISJON I SELSKAP KOMMUNEN EIG

Kontrollutvalet har plikt til å gjennomføre forvaltningsrevisjon både internt i kommunen og i selskap kommunen har eigarinteresser i. Forvaltningsrevisjon kan i prinsippet utførast i alle typar selskap kommunen har eigarinteresser i.

Døme på tema for forvaltningsrevisjon i selskap inkluderer måloppnåing, offentlege anskaffingar, habilitet, etikk og samfunnsansvar, arbeidsmiljø og økonomisk drift. Krava til forvaltningsrevisjon er i utgangspunktet dei same, uavhengig av om revisjonen vert utført i kommunen eller i eit selskap.

Når kommunen organiserer verksemda gjennom selskap, påverkar dette likevel moglegheitene for styring, innsyn og kontroll. Kontrollutvalet må derfor ta omsyn til spesifikke høve ved forvaltningsrevisjon med selskap. Dette inkluderer eigne reglar for kontrollutvalets rett til innsyn i selskapet. Det kan òg vere naudsynt å samordne kontrollen dersom fleire kommunar eig selskapet saman.

## 1.5 EIGARSKAPSKONTROLL

Eigarskapskontroll handlar om å kontrollere om den som utøver kommunen sine eigarinteresser, gjer dette i tråd med lover, forskrifter, vedtak frå kommunestyret og anerkjende prinsipp for eigarstyring.

Det er eit skilje mellom eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon av selskapet. Praksis syner likevel at det er ein glidande overgang mellom desse to hovudkategoriane, og at det i nokre tilfelle kan vere vanskeleg å skilje dei. Eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon er to ulike former for kontroll, og er regulerte i kvar sine paragrafar i Kommuneleva. Av denne grunnen vert områda omtalte i eigne kapittel.

## 1.6 METODE

### Kva har vi gjort?

Vi har arbeidd med å identifisere dei områda i kommunen som har størst risiko for feil og manglar. Dette kallar vi ein risiko- og vesentlegvurdering.

### Korleis har vi gjort det?

1. **Vi har studert lover og rettleiingar.** Vi har undersøkt kva lovgjevinga seier om risiko- og vesentlegvurdering, rettleiaren til NKRF for risiko- og vesentlegvurdering og andre gjennomførte vurderingar.

Vi har brukt Kommuneleva som utgangspunkt. Kommuneleva definerer kva kommunen skal vere og gjere. Difor har vi nytta lova til å inndele kommunen sin verksemd i ulike område. Kommunen skal tilby tenester og drive samfunnsutvikling til beste for innbyggjarane, utøve offentlig myndigheit og bidra til ein effektiv, tillitsskapande og berekraftig forvaltning.

Basert på kommunen sine ansvarsområde etter KommuneLOVA har vi delt risiko- og vesentlegvurderinga inn i fire hovudområde:


- Berekraft og samfunnsutvikling
- Lokaldemokrati
- Tillitsskapande forvaltning
- Tenesteyting og myndigheitsutøving

2. **Vi har identifisert vesentlege risikoar for kommunane.** Kva utfordringar møter kommunar generelt sett, korleis utviklar samfunnet seg, kva føresetnader har kommunane, kva må dei ta omsyn til, kva pålegg har dei, kva forventingar har dei til sittande politisk leiing, og kva er dei generelle risikoane i dagens samfunn? For å finne svar på dette har vi henta informasjon frå kjelder som Kommunanes Sentralforbund, Økokrim, Helsedirektoratet, Politiets sikkerheitsteneste og Statsforvaltaren i Møre og Romsdal. Vi har valt ut tema som vi meiner er vesentlege og som utgjer ein risiko for alle kommunar. Innan kvart tema har vi identifisert moglege risikofaktorar som òg gjeld for alle kommunar.

Desse er valde ut med bakgrunn i regelverk, element i internkontroll, andre risiko- og vesentleganalysar, forventingar frå Statsforvaltaren og vår eigen kunnskap på området. Risikofaktorane kan òg sjåast i samanheng med områda ein forvaltningsrevisjon kan rettast mot, som er økonomi, produktivitet, regeloverhalding, måloppnåing og verknader.

3. **Vi har vurdert risikoen i kommunen.** Basert på informasjon vi har samla inn om kommunen, vurderer vi kva risikofaktorar som ser ut til å vere mest relevante for kommunen. Vi vurderer om risikoen er låg, middels eller høg. Risiko blir delt inn i sannsyn for at hendinga inntreff og konsekvensar om hendinga inntreff. Dette rangerer vi òg som låg, middels eller høg, og endar opp med ei vurdering av risiko. Viss risikoen er høg eller middels, kjem vi med forslag til moglege tema for forvaltningsrevisjon.
4. **Høyring av risiko- og vesentlegvurderinga til ordførar og kommunedirektør.** Vi tek omsyn til innspel som kjem, og eventuelt justerer informasjon og vurderingar. Etter at steg fire er ferdig, sender vi risiko- og vesentlegvurderinga over til kontrollutvalet.
5. **Kontrollutvalet** bør i steg fem vurdere kva risikoområde som er mest aktuelle for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Basert på denne vurderinga, utarbeider kontrollutvalet ein plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

Tabell 1.6.1. Ein visuell framstilling av korleis arbeidet med risiko- og vesentlegvurderinga er løyst i 5 steg



Vi summerer opp vår vurdering i følgjande risikotabell:

Risiko-faktor	Grunngjeving for nivå av sannsyn	Grunngjeving for konsekvensnivå	Sannsyn	Konsekvens	Risikonivå
Aktuelle risiko-faktorar	Kort skildring	Kort skildring	Høg Middels Låg	Høg Middels Låg	<div style="display: flex; align-items: center; justify-content: center;"> <div style="width: 10px; height: 10px; background-color: red; border-radius: 50%; margin-right: 5px;"></div> <div style="width: 10px; height: 10px; background-color: yellow; border-radius: 50%; margin-right: 5px;"></div> <div style="width: 10px; height: 10px; background-color: green; border-radius: 50%;"></div> </div>

**Risikofaktorane** er dei eller den mest relevante for kommunen.

**Grunngjevinga for nivå av sannsyn:** Korte skildringar av kva kommunen gjer (eller ikkje gjer) for å redusere risiko.

**Grunngjevinga for konsekvensnivået:** Kan sjåast frå ulike perspektiv og skildrar konsekvensane om risikofaktoren skulle inntreffe.

**Sannsyn:** Vår vurdering av om det er lågt, middels eller høgt sannsyn for at vald risikofaktor inntreff.

**Konsekvens:** Vår vurdering av om det er låg, middels eller høg konsekvens om vald risikofaktor inntreff.

**Risikonivået:** Vår vurdering av om det er låg, middels eller høg risiko.

Vår vurdering av risiko- og vesentlegheit førar til forslag til tema for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll der det er aktuelt.

---

## INFORMASJONSGRUNNLAG OM KOMMUNEN

For å skaffe informasjon om risikoområde i kommunen, nytta vi fleire kjelder:

- Dialog med kontrollutvalet 2019-2023 og kontrollutvalet 2023-2027
- Oppstartmøte med kommunedirektør, ordførar og rådgjevar
- Spørjeundersøking til politikarar og administrasjonen i kommunen
- Intervju med kommunalsjef oppvekst
- Intervju med kommunalsjef helse- og omsorg
- Intervju med personalsjef
- Faktasjekk med kommunen
- Kommunens planar, mellom anna:
  - Kommuneplanens samfunnsdel
  - Beredskapsplan
  - Budsjett- og økonomiplan
- Rapporteringar
- Kommunens eigarskapsmelding
- Kommunebarometeret for 2023
- Statsforvaltaren sin tilsynskalender
- Tilsyn på barnevern, Statsforvaltaren
- Forenkla etterlevingskontrollar 2019-2022
- Revisjonens erfaring/kunnskap om kommunen frå tidlegare revisjonar

Det er gjennomført ei spørjeundersøking blant leiarar og politikarar i kommunen. Undersøkinga vart sendt til 5 leiarar (kommunedirektør, personalsjef, kommunalsjef oppvekst, kommunalsjef helse og omsorg og stabssjef), og 28 kommunestyremedlemmar. Blant leiarane var det 60 % svar (til saman 3 personar), og blant politikarane var det 18 % svar (til saman 5 personar). Fire av e-postane for politikarane står som permanent avvist (forklaringar kan vere at e-postane er feil eller at dei ikkje lenger er i bruk). Fire har starta på undersøkinga, men ikkje fullført. Resten står oppført som «ikkje svart». Det vart sendt ut to førespurnader på kvar av dei to undersøkingane.

Svara frå undersøkinga kan ikkje generaliserast, men blir nytta som eit supplement til informasjon vi innhentar frå fleire kjelder.

Vi har hatt dialog med oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor. Rapporten er sendt på høyring til kommunen og ordførar, og vi har teke med innspel og tilbakemeldingar frå desse.

---

## AVGRENSNINGAR

Risiko- og vesentlegvurderinga er gjort på eit overordna nivå. Omfanget er avgrensa ut frå kva som er føremålet med analysen, det vil seie å identifisere kvar det er størst behov for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Analysen er vidare avgrensa av ressursar vi har hatt til rådvelde. Vi påpeikar at risiko- og vesentlegvurderinga er gjort med kvalifisert skjønn, og skal ikkje tolkast som eksakt vitenskap.

---

## BESTILLING AV FORVALTNINGSREVISJON

Vi har valt å halde vurderinga på eit overordna nivå. Når ein forvaltningsrevisjon skal bestillast av kontrollutvalet, er det naturleg at detaljeringsgraden innan det valde området blir skjerpa. Her ser vi føre oss at risikofaktorane kan vere til god nytte.

### 1.7 OPPBYGGING AV RAPPORTEN - LESARETTLEIING

I kapittel 2 blir det gitt ein oversikt over kommunen si organisering, økonomi, mål, resultat frå Kommunebarometeret, interkommunale samarbeid og eigarskap.

Kapittel 3 består av risiko- og vesentlegvurderinga for forvaltningsrevisjon. Vurderinga er delt inn i fire hovudområde. Innan kvart hovudområde kan det vere fleire underområde. Kvart underområde vil vere bygd opp på same måte:

1. Kort innleiing om temaet, kvifor området er vesentleg og kva som er moglege risikoar. Dette gjeld for alle kommunar.
2. Liste over moglege risikofaktorar innan området. Gjeld òg for alle kommunar.
3. Data om Sykkylven kommune og eventuelle risikoreducerande tiltak.
4. Vår vurdering og ein tabell som summera opp risikovurderinga vi har gjort.
5. Eventuelt forslag til aktuelle tema for forvaltningsrevisjon.

Kapittel 3 avsluttast med ein oversikt over risikoområder med middels og høg risiko- og vesentlegvurdering.

Kapittel 4 handlar om risiko- og vesentlegvurdering i selskap, både forvaltningsrevisjon i selskapa og eigarskapskontroll.


## 2. OM KOMMUNEN

I dette kapittelet ser vi på kommunen sine mål og satsingsområde, økonomi, samarbeid og eigarskap. Det gir ein bakgrunn for risiko- og vesentlegvurdering.

### 2.1. ORGANISERING

Kommunestyret i Sykkylven består av 29 medlemmar og formannskapet av 9 medlemmar (Årsmelding 2023). Sykkylven har to politiske hovudutval under kommunestyret: Levekårsutvalet og nærings- og utviklingsutvalet. Kontrollutvalet har fem medlemmar. Kommunen har tre rådgjevande organ: Ungdomsrådet, elderrådet og rådet for personar med funksjonsnedsettingar.

Kommunen har eit oppdatert delegeringsreglement for Sykkylven kommune, sist endra 09.10.2023.



Figur 2.1.1. Organisasjonskart Sykkylven kommune

Kjelde: Sykkylven kommune

I faktasjekken med kommunen fekk vi tilbakemelding på at det i organisasjonskartet vert endringar frå 01.07.2024. Området Stab blir flytta opp under kommunedirektør med einingar for økonomi, HR, Stab og næring. Kommunalområde samfunn vil også gjennomgå endringar for meir effektivitet.



## 2.2. KOMMUNEN SIN VISJON, MÅL OG SATSINGSOMRÅDE

Kommunen sin visjon er «Skaparglede», og symboliserer den kreative krafta og pågangsmotet som har lagt grunnlaget for samfunnet i Sykkylven (Årsmelding 2023).


I 2023 vedtok Sykkylven kommune ny samfunnsplan (Årsmelding, 2023). Samfunnsplanen er kommunen sin overordna strategiske plan. Hovudtema i samfunnsplanen er knytt til «Eit berekraftig Sykkylven, verdiskaping, livskvalitet, mangfald og likeverd, tenestekvalitet og busetting».

## 2.3. ØKONOMISKE RAMMER OG MÅLTAL

Sykkylven kommune sine finansielle måltal er nedfelt i framlegg til kommuneplanen sin samfunnsdel. Kommunen har vedteke følgjande finansielle måltal:

1. Netto driftsresultat skal over tid utgjere minimum 1,75% av brutto driftsinntekter.
2. Disposisjonsfondet skal minimum utgjere 10% av brutto driftsinntekter.
3. Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter skal ned på dagens nivå (under 130%) innan 2030 og 100% innan 2035.

Utviklinga i måltal- grafar:



Kjelde: Budsjett 2024 og Økonomiplan 2024-2027.

I «Budsjett 2024 og Økonomiplan 2024-2027» står det at:

«Utviklinga i netto driftsresultat og driftsresultat i høve driftsinntektene har vore varierende dei siste åra. Det er likevel avgjerande at kommuneøkonomien er positiv over år for å sikre den økonomiske handlefridommen. Året 2021 og 2022 gav eit positivt resultat og ein legg opp til at denne målsettinga vert vidareført gjennom 2023 og inn i økonomiplanen 2024-2027.

Ekstraordinære inntekter gjennom 2024 bør gå til å auke resultatgraden og såleis også fondsstorleiken».

I faktasjekk med kommunen fekk vi tilbakemeldingar frå kommuneleiinga på at resultatgraden for årene 2021-2023 er i snitt 1,74% over 3 årsperiode, og at dette er nært måttalet 1,75%. Kommuneleiinga skriv at det er gode resultat for ein minsteinntektskommune, samstundes som ein har forbetra plassering på kommunebarometeret.

Vidare skriv kommunen at økonomistyringa for 2024 skjer også pr. måned og rapport pr. kvartal. Sykkylven kommune er ved utgangen av mai 2024 på budsjett - periodisert. Det vil si at kommunen styrer mot å levere på måltal også i 2024.

## 2.4. KOMMUNEBAROMETERET

Kommunebarometeret er ein samanlikning av kommunane basert på 155 nøkkeltal innan 12 sektorar (Kommunal Rapport, 2023). Hensikta er å gje ein lettfatteleg og tilgjengeleg oversikt over korleis kommunane driv. Resultatet gir ein indikasjon, ein sjanse til å stille spørsmål og moglegheit for å lære av andre kommunar.

Tala er i hovudsak henta frå SSB sin KOSTRA-database for 2022. Det er i tillegg henta statistikk frå kjelder som Utdanningsdirektoratet, Helsedirektoratet, Folkehelseinstituttet og Norsk kulturindeks frå Telemarksforsking. I det førebelse barometeret er kommunane rangert etter ujustert poengsum. Kommunane vert rangert innan kvar einskild nøkkeltal, kvar sektor og totalt. Karakteren speglar kommunen si plassering i sektoren relativ til dei andre kommunane. Karakteren blir med andre ord ikkje sett ut frå definerte kriterium for kva som er objektivt «bra» eller «dårleg».

Eit rødt nøkkeltal betyr at dei fleste andre kommunar gjorde det betre. For nokre nøkkeltal gjer heile Kommune-Noreg det bra. Så bra, at sjølv dei kommunane som kjem ut lågt, ligg godt over normer og over minimumskrav til tenesta.

Kategori	Sykkylven kommune sin rangering av totalt 356 kommunar
Grunnskule	188
Pleie og omsorg	82
Barnevern	221
Barnehage	79
Helse	76
Sosialtenesta	80
Kultur	312
Klima og natur	193
Sakshandsaming	157
Vatn og avløp	222
Økonomi	237
Kostnadsnivå	66

Kjelde: Kommunebarometeret, 2023

## I kommunebarometeret for 2023 kan vi lese:

«Sykkylven kommune hamnar på ein 87. plass i den endelege utgåva av Kommunebarometeret 2023 frå Kommunal Rapport. Sykkylven har ikkje vore del av nokon større kommunesamanslåingar i løpet av femårsperioden som er omfatta av Kommunebarometeret. Vi kan difor anta at resultatane er nokolunde samanliknbare over tid.

### Grunnskule

Del lærarar som oppfyller kompetansekrava i norsk, engelsk og matematikk, har auka nasjonalt dei siste åra. I Sykkylven oppfylte 79,8 prosent av barneskulelærarane i norsk, engelsk og matematikk i 1.-7. trinn kompetansekrava i 2022. Dei beste kommunane ligg på 100 prosent. På ungdomsskulen oppfylte 93,5 prosent av lærarane i matematikk, engelsk og norsk nye krav til fordjuping i faga.

### Sjukeheim

Av dei som bur på sjukeheim, var tendensen at 86 prosent hadde omfattande pleiebehov i 2022. Del aukar over tid. Dette indikerer på at innsatsen framleis dreiest mot heimebasert omsorg, og at ein må vere meir pleietrengande enn før for å få sjukeheims plass. Så fram at kommunen har gode tilbod på lågare trinn i omsorgstrappa, bør dei fleste som bur på sjukeheim ha omfattande bistandsbehov. I Sykkylven hadde 86,1 prosent av bebuarane på sjukeheim eit omfattande bistandsbehov. Det er anslått nasjonalt at fire av fem over 80 år på sjukeheim har ein grad av demens. I Sykkylven svarar talet på plassar i skjerma eining for demens til 66,6 prosent av talet på innbyggjarar over 80 år som bur på sjukeheim, og kjem difor godt ut på dette talet.

### Barnevern

Nasjonalt har del saker i barnevernet som tek meir enn tre månadar å handsame, gått litt ned dei siste åra. Den nasjonale tendensen viser at kommunane no overheld den normale sakshandsamingsfristen i lovverket i 89,5 prosent av sakene. Del fristbrot er halvert på nokre få år. I Sykkylven blir 81 prosent av sakene behandla innanfor tre månadar. Dette er betre enn dei fleste andre kommunane i landet.

### Barnehage

Sykkylven har ifølgje statistikkane 5,8 barn per årsverk i dei kommunale barnehagane. Del av barn med minoritetsbakgrunn som går i barnehage, held fram å auke nasjonalt. I 2021 var delen oppe i 86,9 prosent. I Sykkylven går 91,8 prosent av barna med minoritetsbakgrunn i barnehage, ifølgje tala.

### Økonomi

Sykkylven har pengar på disposisjonsfond, fondet var i fjor på 5,8 prosent av bruttoinntektene til kommunen. Dette er lågare enn dei fleste kommunane i landet. Netto renteeksponert gjeld for Sykkylven var i fjor på 76,8 prosent av brutto driftsinntekter, noko som er betre enn gjennomsnittskommunen. Investeringsnivået i Sykkylven var i fjor 14,6 prosent av brutto driftsinntekter for dei fire siste åra, og dette er under tendensen for landet».

## 2.5. INTERKOMMUNALE SAMARBEID

Interkommunalt samarbeid kan bli organisert i eit interkommunalt politisk råd, kommunalt oppgåvefellesskap, vertskommunesamarbeid, interkommunalt selskap, aksjeselskap, samverkeføretak, foreining/stiftelse eller ein anna eining som det er rettsleg tilgang til. Ein del av dei kommunale oppgåvene kan blir utført i interkommunale samarbeid. Oversikt over Sykkylven kommune sine interkommunale samarbeid ligg i vedlegg 1.

### 3. RISIKO- OG VESENTLEGVURDERING I KOMMUNEN - FORVALTNINGSREVISJON

#### 3.1 BEREKRAFT OG SAMFUNNSUTVIKLING

FN sine berekraftsmål er ein felles arbeidsplan for å **utrydde fattigdom, motverke skilnad og stoppe klimaendring** (FN-sambandet, 2023). To tredjedelar av berekraftsmåla kan berre bli nådd gjennom lokal innsats, noko som gir kommunane ei avgjerande rolle i arbeidet.

**Planlegging** er kommunane sitt fremste verktøy for å sikre ei berekraftig utvikling i si kommune. Ei rekkje av dei samfunnsutfordringane vi står ovanfor, må bli løyst gjennom ein strategisk og planmessig tilnærming. Dette omfattar arbeidet med ei berekraftig arealforvaltning, samfunnsstrygging og beredskap, tverrfagleg innsats i arbeidet med barn og unge, gode helse- og omsorgsteneste, folkehelsearbeid med meir. Regjeringa og Statsforvaltaren ventar at berekraftsmåla skal vere utgangspunkt for all kommunal planlegging.

Det generelle kostnadsbilete er aukande, særleg innan pleie- og omsorgssektoren. Utrekningar viser at kommunesektorens årlege kostnadsvekst, som følgje av endringar i demografien, om få år vil vere to til tre gongar så høg som i 2022 (KS 2023:15). Mange kommunar har ein krevjande **økonomi** med høg gjeld og høgare driftsutgifter enn inntekter. Kommunane må planlegge for å **tilpasse drifta til inntektene** og nytte **finansielle måltal** som verktøy i styringa av økonomien. Kommunane står ovanfor tøffe prioriteringar framover, og må planlegge **strategisk og samla** (Statsforvaltaren sitt forventingsbrev for 2023).

Kommunane har ei stor oppgåve i å **få ned klimagassutslepp og tilpasse samfunnet til eit endra klima**. Den verksemda kommunen legg opp til må sette minst mogleg fotavtrykk i miljøet. Vi byggjer ned naturen, og mange artar er borte, eller sterkt trua. Freding av naturområde og matjord må få større merksemd. Noreg har plikta seg til å verne 30 prosent av naturen innan 2030. Dette krev at kommunane tek grep om samfunnsutviklinga på den måten dei kan.

#### Moglege risikofaktorar

- Berekraftsmåla er ikkje sett i samanheng
- Ulike berekraftsmål kan vere i konflikt med kvarandre
- Manglande strategisk planlegging av arbeidet med berekraftsmåla
- Drifta er ikkje tilpassa inntektene
- Planlegg ikkje langt nok fram i tid
- Samfunnsdelen blir vedteke seint i kommunestyreperioden (KS 2022: 42)
- Manglande kopling mellom samfunnsdel, andre planer, budsjett- og økonomiplan
- Mangelfull oppfølging av tiltak
- Arbeider ikkje for å bevare naturmangfald
- Prioriterer ikkje å redusere klimagassutslepp
- Gjennomfører ikkje konkrete klimatiltak gjennom klimabudsjett/styringsverktøy

Med bakgrunn i opplysningar om kommunen vurderer vi eit utval av nemnte risikofaktorar. Desse blir presentert i risikotabellen under.

## Opplysningar om kommunen

Kommuneplanen sin samfunnsdel for 2023-2027 vart vedteken 27.03.2023 (sak 16/23). Planstrategi og planprogram vart vedtekne 15.02.2021 (sak 13/21). Kommuneplanen sin arealdel gjeld for perioden 2013-2025. Kommunen sin arealstrategi skal sikre ei berekraftig utvikling i tråd med nasjonale mål. Utfordringar inkluderer konflikt mellom utbygging og vern av viktige ressursar, jordvern, lokal matproduksjon og naturverdiar, i tillegg til eit høgt utbyggingspress (Kommuneplan, 2023-2027).

Kommunen har ei planstrategi der det står når kommunens planar skal rullerast. Det blir no fornying av kommunens areal- og planstrategi, og i følgje kommunedirektør kjem det vedtak på planstrategien til kommunestyret i september 2024.

Sykkylven kommune har låge inntekter og fondsreservar, og fokuserer på å auke attraktiviteten, vekst i næringslivet, og utvikling av arbeidsplassar og reiselivsnæring. Berekraft, klimatilpassing, tryggleik og tilpassing av tenester er òg sentrale mål. Prioriterte satsingsområde inkluderer verdiskaping, tenestekvalitet, busetting, livskvalitet, likeverd og mangfald. Berekraft integrerast i dagleg drift med fokus på økonomi, sosiale høve, og klima- og miljø (Kommuneplan, 2023-2027).

Kommunen arbeider med å tilpasse tenestene til endra behov og stramme økonomiske vilkår. Det er viktig å rekruttere kompetente medarbeidarar, tenke nytt om tenesteorganisering, og samarbeide med innbyggjarar, næringsliv og eksterne fagmiljø. Effektiv ressursutnytting er naudsynt for å oppretthalde tenestekvaliteten (Kommuneplan, 2023-2027).

Sykkylven har høg arbeidsplassdekning, der 93,5 % av dei sysselsette i kommunen har arbeidsplass i Sykkylven, sjølv om det har vore ein nedgang på 2,5 % i sysselsettinga frå 2021 til 2022 (Kommuneplan, 2023-2027; Kommunestatistikk, 2023). Sykkylven er òg omstillingskommune i perioden 2021-2026, med tett samarbeid mellom Sykkylven Næringsutvikling (SNU) og omstillingsprogrammet for å hjelpe næringslivet (Årsmelding, 2023).

Ei innbyggjarundersøking i 2019 viste at Sykkylven skårar godt på dei fleste kategoriar, som tenesteleverandør og stad å bu. Kommunen skåra likevel lågt på transport og tilgjenge grunna misnøye med kollektivtransport og vegstandard (Innbyggjarundersøking, 2019).

Kommunen tilbyr gratis klima- og energirådgeving til bustadeigarar, med energianalysar og digital synfaring. Tiltaket skal hjelpe innbyggjarane med å redusere energiforbruket og bidra til berekraftig utvikling (Sykkylven kommune.no). Aure barneskule vart òg finansiert med grønne lån og energieffektivisering i kommunale bygg er ei viktig satsing for kommunen (Årsmelding, 2023).

I oppstartsmøte vart det framheva at kommunen har utfordringar med økonomisk berekraft over tid. Det er behov for å balansere forventingar og ressursar, noko som krev vanskelege prioriteringar mellom gode føremål. Klima- og miljøutfordringar, særleg knytt til veg og sjøfart, er utanfor kommunen sin kontroll, men det blir gjort grep for å handtere desse utfordringane. Kommunen har òg starta arbeid med klimarekneskap og klimabudsjett i 2023, med vidare arbeid planlagt for 2024 gjennom eit prosjekt.

Økonomistyringa er basert på rammebudsjettering med rapportering kvart kvartal. Høg gjeld og mangel på økonomisjef gjer økonomistyringa ekstra utfordrande. Kommunedirektøren fungerer mellom anna og som økonomisjef, noko som er sårbart. Men dei er i prosess (Intervju; Oppstartsmøte).

Når det gjeld berekraftig økonomi, er tilbakemeldingar frå kommuneleiinga at det blir styrt månadleg gjennom økonomistyringa. Sykkylven kommune har levert nøkkeltall på resultatgrad på måltall 1,74/1,75% i 3 år. Disposisjonsfondet har gått frå vedtatt økonomiplan for 2021 der det ville ende i null til 01.01.2024 med disp.fond på omlag 47 mill. Året 2024 styres på driftsbudsjett pr mai/juni og med resultatgrad ved årets slutt på rundt måltall. Lånegjelda er under kontroll i økonomiplanperioden 2024 – 2027. Kommuneleiinga skriv at kommunen har kontroll på overordna økonomistyring med gode tenester.

Budsjettprosessen for 2024-2027 har vore krevjande grunna nasjonale og globale utfordringar. Kommunen må redusere tenestetilbodet og fokusere på førebyggjande tiltak for å redusere behovet for meir kostnads-krevjande tenester. Samarbeid med frivillige og pårørande blir viktig (Budsjett- og økonomiplan, 2024-2027).

Stab hadde meirforbruk i 2023 grunna turnover i leiing, auka rekrutteringskostnadar og fellesutgifter. Organiseringa frå 1. august 2023 samla fellestenestene, kommuneleiing, næring, løn- og personale og økonomi under eit område. Det har vore fleire endringar i leiinga, inkludert ny kommunedirektør og utfordringar med å rekruttere økonomisjef og IKT-leiar.

Det overordna ansvaret for heilskapleg verksemdstyring ligg til kommunedirektøren, og arbeidet med å koordinere og følgje opp aktivitetane ligg til stab. Årshjulet for heilskapleg verksemdstyring inneheld både administrativ og politisk rapportering, og leiinga sin gjennomgang gjennomførast årleg (Årsmelding, 2023).

Kommunen hadde gjennom 2023 for lite fokus på verksemdstyring med kost/nyttegrunnlag, noko som førte til at tenesteområda har eit meirforbruk i høve budsjett som gav dei utslag på KOSTRA-rapporteringa (Årsmelding, 2023).

Eit av dei største berekraftsutfordringane for kommunen framover, som for andre kommunar, er å tilpasse seg dei store endringane i befolkningssamansettinga dei neste tiåra. Som følgje av nedgangen i talet på barn og unge vil kommunane få mindre statlege midlar til denne gruppa, noko som betyr at driftsnivået må tilpassast endringane i talet på barn og unge. Samstundes må dei òg rigge ein eldreomsorg som tek høgde for den store auka i talet på eldre (Årsmelding, 2023).

Moglegheiter og utfordringar framover gjeng ut på klima- og miljø, mangel på folk, og sikkerheit- og beredskap i ulike former og på ulike nivå. Det gjeld òg bygging av kultur og organisasjon for samarbeid mellom avdelingar, betre informasjon og kommunikasjon, og det å bli meir synleg for innbyggjarane (Årsmelding, 2023).


I spørjeundersøkinga vert økonomi og strategisk- og heilskapleg planlegging av arbeid med berekraftsmåla trekt fram som område med risiko i kommunen.

## Våre vurderingar

Sykkylven kommune har fleire styrkjer, inkludert strategisk planlegging, fokus på berekraft, høg arbeidsplassdekning, og proaktive omstillingsprogram. Kommunen står likevel ovanfor betydelege utfordringar, særleg innan økonomi, rekruttering og transporttilgjenge. Kommunen framhev at effektivisering av økonomistyring samt betre rekruttering er avgjerande for vidare suksess.

Etter ei samla vurdering har vi satt risikonivået til høgt, med middels for om det er sannsynleg for at risiko inntreff. Dette med bakgrunn i dei strategiske og berekraftige initiativa som er på plass, men der dei økonomiske utfordringane og rekrutteringsproblema gjev kommunen eit høgare risikonivå.

Tabellen viser vår vurdering av risiko- og vesentlegvurdering for området:

Risiko-faktor	Grunngjeving for nivå på sannsyn	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risiko-nivå
Drifta er ikkje tilpassa inntektene Manglande kompetanse og prioritering	Utfordringar med økonomi, låge inntekter og høg gjeld. Utfordringar med bemanning, kompetanse, rekruttering og høg turnover i leinga.	Kan få ein økonomi som ikkje er berekraftig, og når ikkje måla ein har sett på kort og lang sikt. Feilaktige strategiar og utilstrekkeleg gjennomføring av tiltak, som potensielt kan hindre berekraftig utvikling.	M	H	H 

Vi vurderer følgjande tema som mest aktuelle for forvaltningsrevisjon:

- Økonomistyring



## 3.2 LOKALDEMOKRATI

### VILKÅR FOR LOKALDEMOKRATIET

Lokaldemokrati kan bli sett på som eit ideal der vi vektlegg aktiv deltaking i styring og utforming av politikk. Ytringsfridom, deltaking, organisasjonsfridom og likestilling er sentrale demokratiske rettar. Eit velfungerande demokrati er vidare avhengig av at styreorgana fungerer, og at einskilde grupper ikkje får for mykje makt eller blir diskriminert. 85 prosent av innbyggjarane meiner kommunestyret i eigen kommune er viktig for demokratiet i det norske samfunnet (KS 2022: 64).

#### Moglege risikofaktorar

- Politiske vedtak blir ikkje gjennomført
- Saksgrunnlag i politiske saker er ikkje tilfredsstillande
- Saksarbeidet er ikkje tilpassa folkevalde i mengde og språk
- Avgrensa ytringsfridom
- Vilkåra for lokaldemokratiet er ikkje tilfredsstillande
- Einskilde grupper får for stor makt
- Truslar og hets mot folkevalde og administrasjon
- Haldningar i samfunnet
- Låg valdeltaking
- Likestillingsarbeid er dårleg forankra blant tilsette og i leiinga
- Lite merksemd på aktivitetssplikta etter diskrimineringslova
- Mangelfull kartlegging av utfordringar
- Mangelfull opplæring av folkevalde
- Lite innbyggarmedverknad

Med bakgrunn i opplysningar om kommunen vurderer vi eit utval av nemnte risikofaktorar. Desse blir presentert i risikotabellen under.

#### Opplysningar om kommunen

Sykkylven kommune har etablerte kommunale råd og utval som sikrar medverknad og representasjon hos særskilde gruppe. Dei har innsyn i møtedokument, reglement, retningslinjer og rettleiing, nett-TV i samband med politiske møte og innbyggjarforslag som kan nyttast til å setje ei sak på den politiske dagsorden. På minsak.no kan dei foreslå saker som dei meiner vil gjere kommunen eller fylkeskommunen betre.

For 2023 hadde Sykkylven kommune 9 kommunestyremøte med lågaste tal saker på 11, og høgaste på 25. Gjennomsnittleg møtetid var på kring 4 timar. Det er oppgjeven møtelengd og vedlagt møteprotokoll ved alle møta bortsett frå møte 30.10.2023. Her er det ikkje oppdatert status eller vedlagt saksframlegg eller møteprotokoll. Valdeltakelsen i Sykkylven kommune har hatt ein nedgang frå 65,1 % i 2019 til 64,5 % i 2023 (SSB).

Kommunen har reglement for Sykkylven kommunestyre, vedteke i kst-sak 71/21, den 11.10.2021, og eit oppdatert delegeringsreglement for Sykkylven kommune, sist endra 09.10.2023.

Kommunen har opplæring i plan for politikarar der dei i ein serie korte filmar får digitalt opplæringsmaterieill i regi Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, Møre og Romsdal fylkeskommune og Distriktssenteret (Statsforvaltaren.no).

Forskrift om folkevalde sin rett til møtegodtgjersle og velferdsgode i Sykkylven kommune vart vedteken i 2021, og gjeldande møtegodtgjerslereglement vart sist endra 25.10.2023.

Kommunen fortel om eit godt politisk klima, godt samarbeid, god politisk organisering samt godt opplysende saksutgreiingar. Dei har òg medverknadssystem og eit lokaldemokrati som fungerer godt (Oppstartsmøte).

Kommunen vedtok i 2023 ei eigarskapsmelding. Dei har tre heileigde selskap og eit vedtaksrekneskap kvart halvår som formannstyret og kommunestyret mottek (Oppstartsmøte).

I spørjeundersøkinga av politikarar kjem det fram at det manglar likestilling i lokaldemokratiet, då saker eigna for andre råd ikkje blir handsama der, noko som påverkar kommunen negativt. Innsyn og openheit blir innskrenka i høve til strøyming og lagring av møte, og møteprotokollar har for lite informasjon til å forstå intensjonane med vedtak. Det er òg bekymringar kring verv og leiing, demokratipolitikk, ein-sidede saker, låg innbyggjarmedverknad, og kva administrasjon gjer for å endre dette.

## Våre vurderingar

Sykkylven kommune har system for medverknad gjennom kommunale råd og utval. Dei tilbyr tilgang til møtedokument og politiske møte via nett-TV. Innbyggjarar kan sette saker på dagsorden gjennom innbyggjarforslag og minsak.no. Kommunen held regelmessige kommunestyremøte med protokollar, og har oppdatert reglement for møtegodtgjersle og delegering. Eigarskapsmelding og halvårleg vedtaks-rekneskap er òg på plass. Spørjeundersøkinga viser at det kan vere utfordringar med demokratipolitikken og samt det politiske klimaet i kommunen.

Risikonivået er sett til middels, med låg til middels sannsyn for at risiko inntreff. Nokre delområde har låg risiko, medan andre har noko høgare risiko.

Tabellen viser vår vurdering av risiko- og vesentlegvurdering for området:

Risikofaktor	Grunngjeving for nivå på sannsyn	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risiko-nivå
Vilkåra for lokaldemokratiet er ikkje tilfredsstillande	Vedteken eigarskapsmelding, etablerte råd, delegeringsreglement og politikkopplæring.	Redusert innbyggjardeltaking, svekka tillit til kommunen og dårleg kvalitet på politiske avgjerder.	L/ M	M	M
Mangelfull kartlegging av utfordringar	Potensielle utfordringar kring demokratipolitikk og politisk klima.	Polarisering, ineffektivitet i avgjerdsprossar, redusert samarbeid, og svekka tillit.			

Vi vurderer følgjande tema som mest aktuelle:

- Lokaldemokrati

## OPENHEIT OG INNSYN

Å vere open og gje innsyn er nokre av dei viktigaste føresetnadane for eit velfungerande demokrati. Kommunen si verksemd skal være **open og transparent**. Kommunen og andre offentlege etatar har ansvar for å **dokumentere** sine aktivitetar.

Pressen sitt offentleg utval og Kommunal Rapport har i 2021 undersøkt kor opne kommunane er, det vil seie i kva for grad dei gir tilgang til politiske dokument og sikrar eit generelt innsyn i forvaltinga og dei politiske avgjerstene. Undersøkinga viser at Møre og Romsdal er Noregs mest opne fylke. Undersøkinga viste òg at store kommunar er meir opne enn små kommunar, bruken av styrevervregistret er uendra sida 2018 på 79 prosent og 20,4 prosent av kommunar opplyser å ha søkefunksjon i postlista (Pressens faglege utval 2022).

### Moglege risikofaktorar

- Krav til møte med publikum manglar
- Manglande kommunikasjonsstrategi
- Ikkje merksemd på meiroffentlegheit
- Privat informasjon blir offentleggjort
- Utilstrekkeleg handsaming av arkivmateriale
- Auka grad av digitalisering
  - Mangfald av digitale kommunikasjonsformer
- Følgjer ikkje opp rettleiingsplikta
- Fører ikkje protokoll og postjournal
- Svak internkontroll

Med bakgrunn i opplysningar om kommunen vurderer vi eit utval av nemnte risikofaktorar. Desse blir presentert i risikotabellen under.

### Opplysningar om kommunen

I k-sak 70/99 fatta kommunestyret vedtak om at Sykkylven kommune vart med i kommunearkivordninga til Interkommunalt arkiv i Møre og Romsdal (IKA). Arkivplanen skal vere retningsgjevande for all dokumenthandtering i kommunen og eit verktøy for å kvalitetssikre arkivfunksjonane i kommunen (Arkivplan.no).

I Sykkylven kommune er det rådmannen som har det overordna ansvaret (jf. Arkivforskrifta § 1-1). Kommunedirektøren har delegert det administrative ansvaret for arkivet til leiar for fellestenestene og arkivleiar har det faglege ansvaret for kommunen si arkivteneste. Arkivleiar har fullmakt til å føre tilsyn med arkivarbeidet i kommunen og er fagleg overordna arkivpersonalet. Arkivleiar rapporterer òg til einingsleiar for fellestenestene (Arkivplan.no).

Sykkylven kommune gir informasjon om innsynsretten etter Offentlegheitslova ved at dei på heimesida omtalar lova og forklarar korleis innsynsretten fungerer. Kommunen var blant dei 138 kommunane som sendte innsynsdokumenta innan éin verkedag i høve Openheitsbarometeret 2023. Likevel publiserer kommunen berre nokre interne dokument i postlista si, og berre nokre tekstmeldingar blir journalført (Openheitsbarometeret, 2023).

Kommunen har vanleg postliste på nett med avansert søkjefunksjon og med moglegheit for å bla kronologisk. Byggesaker er direkte søkbare i detalj, anten ved eigen løysing eller gjennom den ordinære postlista. Postlista er førehandsbestemt med ei maksimal levetid på 1 år og 23 månadar. I tillegg har kommunen berre delvis med fulltekstdokument på nett (Openheitsbarometeret, 2023).

Kommunestyret sin møteplan og sakslister blir lagt ut på nett, og kommunestyremøta blir strøymde direkte. Opptak frå strøymde møte blir gjort tilgjengelege på nett i ettertid. Kommune-TV i kommunen gir innsyn i politikk og har eit snitt på om lag 400 personar som er innom kvar sending (Openheitsbarometeret; Årsmelding, 2023).

Protokollen frå politiske møte blir lagt ut på nettstaden 1-2 dagar etter møtet. Ettersendte politiske saksdokument blir lagt ut på nett anten samtidig som dei blir gjort tilgjengelege for politikarane eller seinast innan to døgn etter. Det same gjeld for dei som ikkje blir ettersendt. Både e-post og telefonnummer til kommunen sine politikarar er publiserte på heimesida (Openheitsbarometeret, 2023).

Sykkylven kommune legg seg på ein 11.plass i Openheitsbarometeret i Møre og Romsdal med 21 poeng der høgaste poengsum er 24,5 og lågaste 14,5. På landsbasis legg Sykkylven kommune seg på ein 58.plass og har med dette rykka opp frå ein 307. plass frå førre år. Her kjem det fram at Sykkylven kommune har klatra enormt. I fjor var kommunen i both i fylket og har no klatra opp til ein 11. plass, noko som blir sett på som ei betydeleg forbetring av ein einskild kommune. I Møre og Romsdal tyder openheitsundersøkinga på at det spreiaast gode løysningar og haldningar, noko som gir ein positiv offentlegheitsinfrastruktur (Openheitsbarometeret, 2023).

Det er auke i personar som vil ha innsyn i elevmapper, helsetenester og andre historiske data som kommunen tek vare på. Denne arbeidsprosessen kan vere tidkrevjande (Årsmelding, 2023).


Servicetorget har òg ansvar for kva som leggst inn i postlistene, men når dokumenter blir lagt på postlister, skjer det ein naturleg forseinking (Oppstartsmøte).

Stabseininga har gjennomført ROS-analysar på mellom anna postlister og publisering av fulltekstdokument, personvern og generell IKT informasjonssikkerheit (Spørjeundersøking).

## Våre vurderingar

Resultata frå Openheitsbarometeret for 2023 viser at kommunen har jobba godt på området med ei betydeleg forbetring frå førre år. I vår gjennomgang har vi ikkje funn som tilseier at kommunen har utfordringar og høgare risiko enn det som må vere venta i ein stor organisasjon. Vår samla vurdering for området har låg risiko.

Tabellen viser vår vurdering av risiko- og vesentlegvurdering for området:

Risikofaktor	Grunngjeving for nivå på sannsyn	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risiko-nivå
Ikkje merksemd på meir-offentlegheit	God jobb med resultatata frå openheitsbarometeret. Har god skår i 2023. ROS-analysar knytt til postlister og publisering av fulltekstdokument.	Redusert tillit til kommunen, mangel på innsyn og openheit, svekka demokratiske prosessar, og mindre involvering frå innbyggjarane.	L	M	L 

### 3.3 TILLITSSKAPANDE FORVALTNING

Tillit er viktig for samspelet mellom kommunar, næringsliv, frivillige og innbyggjarar, og er ein del av det FN omtalar som sosial berekraft. Tilhøve som **avdekka korrupsjon, manglande innsyn, manglande system til å ta opp kritikkverdige høve** eller **manglande internkontroll**, kan svekke kommunen sin legitimitet og styringsevne.

Folkeundersøkinga frå 2017/2018 viser at både innbyggjarar og folkevalde er mest nøgd med kommunen si evne til å levere tenester i samsvar med innbyggjaranes behov og at folkevalde har god styring (KS 2022:52).

## INTERNKONTROLL

God internkontroll er essensielt for å sikre gode og rette tenester, at lover og føreskrifter blir følgde og at kommunestyret sine vedtak blir følgt opp. Internkontrollen skal vere systematisk og tilpassa verksemda si storleik, eigenart, aktivitet og risikohøve. Med den nye Kommuneleva kom skjerpa krav til rapportering om internkontroll og om resultat frå statlege tilsyn frå kommunedirektøren til kommunestyret.

### Moglege risikofaktorar

- Manglande risikokartlegging
- Mangelfull internkontroll
- Auka krav til internkontroll
- Feilprioriteringar
- Mangel på kompetanse og ressursar
- Mangelfull rapportering på internkontroll
- Mangelfull rapportering, handtering og læring av avvik

Med bakgrunn i opplysningar om kommunen vurderer vi eit utval av nemnte risikofaktorar. Desse blir presentert i risikotabellen under.

## Opplysningar om kommunen

Sykkylven kommune har eit eige kvalitetssystem med WHATIF for ROS-analysar og Samsvar for avvikshandtering. Tiltak frå ROS-analysane blir inkludert i handlingsplanar og følgd opp. Kommunen har tilsett ein kvalitetsrådgevar som held styr på systema og gir opplæring til einingane. Det er rapportert om auka bruk av desse systema (Årsmelding, 2023; Intervju).

Når det gjeld avvikshandtering vart det i 2023 meldt inn 400 avvik i Sykkylven kommune, fordelt på tenestekvalitet, HMS, personvern og informasjonssikkerheit. Avvika blir følgd opp av ansvarleg leiar, og det er eit kontinuerleg arbeid med å fremje ein god avviks- og forbetningskultur i kommunen (Årsmelding, 2023).

**Figur 3.3.1.** Meldte avvik per kommunalområde i 2023, og fordeling mellom avviksområda.



Kjelde: Årsmelding, 2023.

Det vart gjennomført sju ROS-analysar i 2023, inkludert kartleggingar og risikovurderingar innan HMS, tenestekvalitet og personvern. Analysane var både førebyggjande og tilsynsbaserte (Årsmelding, 2023). Einingane går no gjennom ROS-analysane, og kommunalsjefane skal evaluere resultatane (Intervju).

I høve sjukefråværsoppfølging og HMS har kommunen prosedyrar for dette i dokumentbiblioteket i Samsvar. Desse er lik NAV sine standardar, men med kommunen sine eigne tilpassingar (Intervju). På HMS-området blir alle avvik meldt til personalsjef og hovudverneombod, og det er god rapportering og oppfølging (Intervju).

Innanfor tenestekvalitet og opplæring har kommunalområde helse etablert ei kvalitetsgruppe som arbeider med felles forbetningsområde, knytt til avvik og risikovurderingar. Det har også vore lunsjkurs for tilsette. Kommunalområde oppvekst har ikkje hatt ei felles kvalitetsgruppe grunna omorganisering, men einingane jobbar med aktuelle tema før ny vurdering i 2023 (Årsmelding, 2023).

Når det gjeld systematisk arbeid med kvalitet og forbetring har kommunen oppdatert, revidert og utarbeidd rutinar og prosedyrar i alle kommunalområde. Innføring av heilskapleg styring i 2023 har endra oppfølginga av kvalitets- og forbetningsarbeid. Kvalitetsutvalet er avvikla og funksjonane er overført til det heilskaplege styringssystemet (Årsmelding, 2023).

Kommunen sitt internkontrollsystem er i tråd med KommuneLOVA § 25-1, og er systematisert og forenkla. Systemet, som er tilgjengeleg på kommunen sitt intranett, inkluderer dokumentbibliotek, avvikshandtering, risikovurderingar og opplæringsmodular (Årsmelding, 2023).


I spørjeundersøkinga vart internkontroll og avvikssystem trekt fram som eit område med risiko og at dette kunne vore endå betre. Det gjevast opplysningar om at det er saker som ikkje kjem lengre opp enn til avdelingsleiar, men som burde ha vore tatt tak i på eit høgare nivå.

## Våre vurderingar

Kommunen har implementert rutinar og prosedyrar for oppfølging av kvalitetssystem. Vårt inntrykk er at kommunen arbeider systematisk med fleire av områda under internkontroll, med eit jamt fokus på praksis og opplæring innan internkontroll.

Vår vurdering er at det alltid vil vere risiko for at dei ulike delområda vil ha eit behov for revidering og vedlikehald av kompetanse. I det ligg det ein risiko, blant anna knytt til at internkontroll òg blei trekt fram som eit område med risiko i spørjeundersøkinga. Det er mogleg kommunen har eit potensiale i å knyte dei ulike prosessane innan internkontrollsystemet betre saman, t.d. gjennom leiinga si gjennomgang. Vår samla vurdering er difor at området har middels risiko.

Tabellen viser vår vurdering av risiko- og vesentlegvurdering for området:

Risikofaktor	Grunngjeving for nivå på sannsyn	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risiko-nivå
Mangelfull rapportering, handtering og læring av avvik Mangelfull rapportering på internkontroll	Kvalitetssystemet er forankra i kommune-leiinga med rutinar og opplæring. ROS-analysar blir gjennomført. Forbettringspotensiale kring samordning av ulike delområde i internkontrollsystemet. Internkontroll/avvikssystem vart trekt fram som risikoområde.	Innbyggjarane får ikkje tilfredsstillande tenester eller tenestene dei har krav på. Svekka omdøme, feil blir ikkje retta opp, og ein lærar ikkje av sine feil.	M	H	M 

Vi vurderer følgjande tema som mest aktuelle for forvaltningsrevisjon:

- Internkontroll

---

## ETIKK OG VARSLING

Undersøkingar har vist at om lag halvparten av ordførarar og leiarar sjølv har opplevd ein situasjon med press om uetisk åtferd eller tilbod om utilbørleg fordel. Samstundes meiner fleirtalet i DFØ sin innbyggjarundersøking i 2021 at det offentlege handsamar alle grupper rettferdig, medan delen som ikkje er semd utgjer 26 prosent. I KS sin lokaldemokratiundersøking frå 2017/18 kjem det fram at mange meiner at dei med gode personlege kontaktar i kommunen

får betre ivaretatt sine interesser, samstundes som dei ikkje trur at folkevalde utnyttar makta for eigen del (KS 2022).

Ein rapport frå **Transparency International** viser at innbyggjarane i Noreg har høg tillit til myndigheitene. Samstundes peiker rapporten på at det høge tillitsnivået i Noreg må bli ivaretatt. Blind tillit og overdriven tru på at korrupsjon skjer andre stadar enn i Noreg utgjer i seg sjølv ein korrupsjonsrisiko (Økokrim 2022). Det er Transparency International Noreg sitt inntrykk at mange er villige til å risikere svært mykje, både når det gjeld straff og omdømmetap, for relativt lite (NKRF, 2023).

## Moglege risikofaktorar

- Manglande eller eldre etiske retningslinjer
- Manglande eller svak internkontroll
- Mangelfull opplæring i etikk
- Kommunen har ikkje oppdaterte varslingsrutinar
- Varslingsrutinane er for lite kjende
- Varsling blir ikkje følgt opp
- Det er ikkje trygt å varsle
- Det blir ikkje lagt til rette for varsling
- Kommunen har ikkje ein tilfredsstillande etisk standard

Med bakgrunn i opplysningar om kommunen vurderer vi eit utval av nemnte risikofaktorar. Desse blir presentert i risikotabellen under.

## Opplysningar om kommunen

Sykkylven kommune har sett etikk i system og har etiske retningslinjer som skal følgjast av tilsette og politikarar. Desse er tilgjengelege for alle tilsette. I oppstartsmøtet kjem det fram at det etiske reglementet er under revidering.

Kommunen har etablerte varslingsrutinar og det kan varslast om kritikkverdige høve eller avvik anonymt gjennom intranettet til kommunen. Kommuneleiinga opplev ikkje at det er mange slike hendingar i kommunen. Ved nytilsetting blir det informert om etiske retningslinjer, personvern og korleis dei kan handtere teiepliktig informasjon (Oppstartsmøte).

Ved å søkje på varsling på kommunen si heimeside får innbyggjarar òg lett tilgjengeleg informasjon om korleis dei skal gå fram. Då varslast det anonymt via kommunen si heimeside.

Når det gjeld antikorrupsjonsarbeid, ansvar i bestilling og fakturahandtering skriv kommuneleiinga at det er klare økonomirutinar på dette området med deling mellom ulike trinn. Det kjem og løypande tilbakemeldingar frå rekneskapsrevisjonen. Det etiske reglementet er under revidering i 2024 for å ta høgde for alle områder, samt nye utfordringar. Ifølgje kommunedirektør er det stadige påminningar kring etikk og habilitet.


Etikk og varsling vart trekt fram som eit risikoområde i spørjeundersøkinga der det òg kom fram bekymringar knytt til kommunen sine varslingsrutinar.



## Våre vurderingar

Kommunen har rutinar og retningslinjer for etikk og varsling, men info frå spørjeundersøking kan tyde på at området kan ha behov for oppfølging. Etter ei samla vurdering har vi satt risikonivået til middels, med låg til middels for om det er sannsynleg for at risiko inntreff. Dette med bakgrunn i at det er fleire delområde som vi vurderer samla til å ha låg risiko, medan andre har noko høgare risiko, t.d. info frå spørjeundersøkinga og manglande informasjon knytt til om det gjennomførast dilemmatrening osv.

Tabellen viser vår vurdering av risiko- og vesentlegvurdering for området:

Risiko-faktor	Grunngjeving for nivå på sannsyn	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risiko-nivå
Mangelfull opplæring i etikk Varsling blir ikkje følgd opp	Etiske retningslinjer under revidering. Info om etiske retningslinjer, personvern og teieplikt ved nyttilsetjingar gis. Potensielle utfordringar kring varslingsrutinar.	Kommunen kan få svekka omdøme og tap av tillit. Kan føre til mislege handlingar i tenestene, svekka arbeidsmiljø og potensielle juridiske konsekvensar for kommunen.	L/ M	M	M 

Vi vurderer følgjande tema som mest aktuelle for forvaltningsrevisjon:

- Oppfølging av varslingsrutinar

## INTERKOMMUNALE SAMARBEID

Komplekse oppgåver og mangel på ressursar kan gjere det krevjande for kommunane å nå måla sine. Løysinga kan vere **interkommunale samarbeid** (Statsforvaltaren, 2023).

Ei kartlegging av interkommunale samarbeid utført på oppdrag frå Kommunal- og distriktsdepartementet har formulert suksessfaktorar for velfungerande interkommunale samarbeid; **eigarskap til mål** hjå folkevalde og administrasjon i samarbeidskommunane, **formalisering** av samarbeidet, **profesjonell eigarstyring**, **resultatrapportering** samt **kommunikasjon** og pleie av relasjonar og tillit. Når kommunar organiserer delar av verksemda si som eigne selskap eller i samarbeid med andre kommunar, kan det skape utfordringar for demokratiet ved at selskapa i mindre grad er direkte underlagt kommunestyret.

### Moglege Risikofaktorar

- Mangelfull rapportering frå vertskommunen
- Lite formalisert samarbeid
- Manglande oppfølging av avtalar og rapportar frå tenestene til kommunestyret
- Manglande politisk og administrativt eigarskap til mål
- Lite tillitsskapande kommunikasjon
- Tenesta blir ikkje følgt opp i praksis
- Informasjon om tenesta og verksemda blir ikkje etterspurt av folkevalde

Med bakgrunn i opplysningar om kommunen vurderer vi eit utval av nemnte risikofaktorar. Desse blir presentert i risikotabellen under.

## Opplysningar frå kommunen

På oppdrag av Statsforvaltaren har NIVI (2023) utgitt ein rapport om Interkommunale samarbeid i Møre og Romsdal der Sykkylven er omtalt. Rapporten peiker på nokre utfordringar ved kommunalt samarbeid. Dette er manglande samordning mot eige tenesteapparat, mindre effektiv administrativ styring, samarbeid på dei store kommunanes premisser, manglande demokratisk forankring og kontroll, og avvikande forvaltningskultur i interkommunale selskap.


I følgje rapporten har Sykkylven 25 formelle ordningar i kommunen, noko som er lågt samanlikna med andre kommunar i fylket. Kommunen er vertskommune for tre samarbeid i følgje rapporten, og er med i 22 ordningar med bistand frå andre kommunar. Sykkylven kommune er med i færrest interkommunale ordningar av Sunnmørskommunane (NIVI analyse, 2023).

Sykkylven kommune er med i innkjøpssamarbeid i regi av Ålesund kommune, som består av fleire kommunar på Sunnmøre. Samarbeidet er i stor grad knytt til rammeavtalar. Det vart utført ein forvaltningsrevisjon for offentlege anskaffingar og innkjøp i 2021 der føremålet med forvaltningsrevisjon var å undersøke om Sykkylven kommune sine innkjøp og anskaffingar var i tråd med regleverket. Konklusjonen var at dei i stor grad følgjer dei inngåtte rammeavtalane. Det var òg utført eigarskapskontroll i 2023 i kommunen, der vurderinga tilsa at Sykkylven har rutinar som skal sikre god eigarstyring.

I faktasjekken fekk vi tilbakemelding på at kommunen har søkarlys på interkommunale samarbeid, og at det vurderast tettare samarbeid med andre kommunar.

## Våre vurderingar

Fleire av kommunen sine tenester ytes gjennom interkommunale samarbeid med andre kommunar. Det er viktig å formalisere desse samarbeida, at det stillast krav til rapportering frå vertskommunane, og at det er god dialog mellom eigarkommunane. Vi vurderer at det kan være eit forbettringspotensiale i informasjonsflyten kring samarbeid og rapportering opp til kommunestyret i Sykkylven. Eigarskapskontrollen utført i slutten av 2023 tilseier lågare risiko på området. Vi vurderer difor samla risiko- og vesentlege for området som låg til middels. Tabellen viser vår vurdering av risiko- og vesentlegvurdering for området:

Risikofaktor	Grunngjeving for nivå på sannsyn	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risiko-nivå
Manglande oppfølging av avtalar og rapportar frå tenestene. Mangelfull rapportering frå vertskommunen	Eigarskapsmelding frå 2023. Få interkommunale samarbeid samanlikna med andre.	Får ikkje godt nok grunnlag for å følge opp tenestene.	L	M	M 

Vi vurderer følgjande tema som mest aktuelle for forvaltningsrevisjon:

- Interkommunale samarbeid

## DIGITALISERING OG INFORMASJONSTRYGGING

Kommune-CSIRT ventar eit høgt volum av **digitale angrep** i si analyse og utsikt for 2023. Trygging utfordringar som blir omtalt er mellom anna: digital prosessstyring av vassleveranse, SD-anlegg (system for sentral drift av t.d. varme og ventilasjon), låsesystem for bygg og idrettsanlegg, velferdsteknologi, heisstyring, tryggingkamera/overvakingskamera, kraftverk/kraftleveranse, reinseanlegg, avfallsdeponi og forbrenningsanlegg.

Det er ein gjennomgåande tendens at digitaliseringa skjer på **tross av personvernet**. Det er framheva at personvernet i skule og barnehage er under press. Det vart motteke flest klagar på feil i handsaming av personopplysningar i registra. Det er meldt auka tal meldingar om brot på personopplysningstrygginga, grunna **feilsendingar og feilpubliseringar**, men òg at tilgangsstyring er eit problem (Datatilsynets årsrapport for 2022).

### Moglege risikofaktorar

- Svak internkontroll
- Manglande dokumentasjonsplikt
- Manglande datahandsamingsavtalar med eksterne aktørar
- Mangelfull dokumentasjon av handsamingsaktivitetar
- Utilfredsstillande organisasjonskultur og kompetanse
- Manglande risikovurdering
- Utilfredsstillande oppfølging av personvern i einingane
- Komplisert og omfattande regelverk
- Personvern er ikkje tilfredsstillande
- Informasjonstrygginga er ikkje tilfredsstillande
- Manglande tilgangsstyring

Med bakgrunn i opplysningar om kommunen vurderer vi eit utval av nemnte risikofaktorar. Desse blir presentert i risikotabellen under.

### Opplysningar om kommunen

Stab har hatt ansvar for fleire prosjekt og tiltak som har heva kvaliteten for alle tenestene i Sykkylven kommune, t.d. digitalisering av rekrutteringsprosessen og innføring av digital frukost med intern kursing i IKT-relaterte tema (Årsmelding, 2023).

Digitalisering av arbeidsprosessar har vore hovudfokus i kommunen. Digitale skjema og automatisering av interne arbeidsprosessar skal optimalisere utnyttinga av HR- og økonomisystema. Automatisering av tilgangsstyring mellom HR/løn og IT har òg vore viktig (Årsmelding, 2023).

Fleire system er oppgradert og flytta til skyløysingar, med fleire planlagt for 2024. Endra arbeidsprosessar gjer at oppgåver kan gjennomførast med eksisterande bemanning. Omorganiseringa har ført til meirarbeid med ombygging av struktur og ivaretaking av historiske data. For innbyggjarane reduserer digitalisering òg behovet for personleg oppmøte ved at dei kan sende førespurnadar heimanfrå. Dette har ført til færre besøk og telefonar til Servicekontoret, og har difor frigjort ressursar til andre oppgåver (Årsmelding, 2023).

I samband med informasjonssikkerheit har kommunen undersøkt eigen verksemd inspirert av Datatilsynet sitt brevtilsyn til andre kommunar. Informasjonssikkerheit har òg vore eit tema i leiinga si gjennomgang (Oppstartsmøte).

Kommunen kjøper tenester som personvernombod gjennom IKA Møre og Romsdal. I 2023 omorganiserte IKA Møre og Romsdal tenesta, noko som førte til at kommunen ikkje lenger har ein fast kontaktperson. No er det tre tilsette personvernombod i IKA Møre og Romsdal som dekkjer behovet (Årsmelding, 2023).

Kommunen hadde eitt statusmøte med personvernombodet i februar 2023, og personvernombodet deltok på leiinga sin gjennomgang av personvern og informasjonssikkerheit i november. Det har vore tett kontakt ved meldte personvernavig. Personvernombodet har òg tilgang til kommunen sitt kvalitetssystem og får automatisk varsel ved personvernavig (Årsmelding, 2023).

Kommunen har nytta ACOS Websak Basis som sitt sak- og arkivsystem sidan 20.09.2019 og oppgraderte systemet i eiga skyplattform i 2023 (Arkivplan.no; Oppstartsmøte). Prosjektet med å digitalisere arkivet har ikkje vore starta i 2023, men blir etablert i 2024. Løyvingane er rebudsjettert inn i 2024 i k-sak 19/24 (Årsmelding, 2023).

Alle elektroniske skanna dokument eller eigenproduserte dokument skal konverterast til arkivformat godkjent av Riksarkivaren (Arkivplan.no).

Kommunen har backup-strategi av sine IKT-løysningar som blir drifta av PC Support AS. Dei har òg ansvar for at backup-rutinane blir følgde. Det blir tatt backup kvar dag, samt status på backup. All backup går til disk og tape. Data og backupserverar er plassert hjå PC Support innelåst i eige rom og taper i brannsikker safe. Data blir lagra i eitt år og blir i tillegg replikert til sekundær datasenterlokasjon (Arkivplan.no).

Kommunen har bytta ut sitt krisestøttesystem for loggføring og kommunikasjon ved handtering av krise eller uønskte handlingar (Dsb-cim), med Rayvn. Det er blitt brukt ein del tid på implementering og læring av verktøyet. Innanfor IKT nyttar kommunen PureService (CRM) for registrering av saker til IKT (Arkivplan.no).

Einingane for pleie og omsorg, heimetenestene, institusjon, og bu- og rehabilitering nyttar Visma Profil som sakshandsamarsystem for brukarar og tenester for desse. Prosedyrane gjeld postmottak, registrering og arkivering. Frå 01.01.2023 nyttar skule og barnehagar Visma Sikker Sak til lagring av dokumentasjon som gjeld elevar og barn (Arkivplan.no).

Kommunen har naudvarslingsystem til folkesetnaden der Åknes/Tafjord IKS har bygd opp sitt eige system. Alle som oppheld seg i området får SMS-varsel ved endring av farenivå.

I faktasjekken skriv kommuneleiinga at digitaliseringa av bygningsarkiv er i gang og kommunen har løyvde midlar i 2024-2025.


Varsel til innbyggjarar skjer via det statlege nye løysinga og kan geografisk styrast. Alle avvik knytt til GDPR skje i avvikssystemet og det blir gjennomført ROS analyse innan GDPR løypande.

## Våre vurderingar

Personvern-, data- og informasjonstrygging er område som blir vurdert ut frå fleire perspektiv. Perspektiva er knytt direkte til økonomi, tilsette og innbyggjarar, samt overordna for tillitsskapande forvaltning. Manglande arbeid med personvern-, data- og informasjonstrygging kan vere alvorlege i å oppnå dei måla som kommunen har sett seg.

Etter ei samla vurdering har vi satt risikonivået til middels, med låg til middels for om det er sannsynleg for at risiko inntreff. Dette med bakgrunn i at det er fleire delområde som vi vurderer samla til å ha låg risiko, medan andre har noko høgare risiko.

Tabellen viser vår vurdering av risiko- og vesentlegvurdering for området:

Risikofaktor	Grunngjeving for nivå på sannsyn	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risiko-nivå
Svak internkontroll Manglande risikovurdering på området Oppfølging av personvern i einingane	Kommunen har mellom anna gjennomført ROS innan GDPR. Kontinuerleg utvikling av fleire område som involverer mange tilsette kan vere risikoaukande.	Sensitive personopplysningar eller opplysningar som er viktige for drift av kommunen er tilgjengeleg for uvedkomande. Tilsette med behov for opplysningar får ikkje tilgang.	L/ M	M	M 

Vi vurderer følgjande tema som mest aktuelle for forvaltningsrevisjon:

- Personvern, handsaming av sensitive opplysningar, derunder datahandsamingsavtalar og arkivering

## OFFENTLEGE INNKJØP

Norske kommunar må følgje lov og føreskrift om offentlege innkjøp. Lova skal bidra til effektiv utnytting av samfunnet sine ressursar, og den skal sikre at det offentlege opptrer med integritet. Vidare skal reglane bidra til å motverke sosial dumping, ivareta miljøomsyn og motverke brot på menneskerettane.

Økokrim skriv i trusselvurderinga for 2022 at **korrupsjonsrisikoen** i kommunal sektor er størst i konkurranserundar (Økokrim 2022).

Kommunar kjøper inn for høge summer, og har gjennom innkjøp eit instrument for å jobbe med berekraft, til dømes gjennom å fremme omstilling til sirkulærøkonomi.

Sannsynet for at kriminelle aktørar vil prøve å utnytte ukrainarar og andre utanlandske og sårbare arbeidstakarar til **svart og ulovleg arbeid** er til stades. Utnytting skjer særleg i arbeidsintensive yrke med ein høg del ufaglærte t.d. i **bygg og anlegg**, bilpleie- og verkstad, varetransport, reinhald og sesongarbeid innan jordbruk og fiskeri. Bruk av ulovleg arbeidskraft har over fleire år vore ein utbreidd form for arbeidslivskriminalitet.

## Moglege risikofaktorar

- Praksis i offentlege innkjøp er utilfredsstillande
- Svak internkontroll
- Mangel på kompetanse og ressursar
- Arbeidslivskriminalitet
- Manglande miljøomsyn
  - Fråvær av sirkulærøkonomi
- Manglande openheit
- Uklare ansvarstilhøve
- Mangelfull kostnadskontroll og økonomistyring
- Næringar med større risiko for kriminalitet
- Stor del utanlandsk arbeidskraft
- Lite samhandling med andre offentlege styresmaktar

Med bakgrunn i opplysningar om kommunen vurderer vi eit utval av nemnte risikofaktorar. Desse blir presentert i risikotabellen under.

## Opplysningar frå kommunen

Kommunen har eit innkjøpssamarbeid med Ålesund kommune. Kommunen har ei innkjøpsrutine som sist vert revidert desember 2023, der det står at kommunen «følger inngåtte rammeavtalar og rutinar nedfelt i økonomireglement». I innkjøpsrutina står det kven som er rutineansvarleg, om attestasjon og tilvising og kva innkjøpsansvarleg på kommunalområdet har ansvar for. Det står kva som skal gjerast i ein bestilling, når det er varemottak, fakturamottak, fakturakontroll, bokføring, remittering, lagerrutine, leverandørgjeld og periodisering.

Det vart gjennomført ein forvaltningsrevisjon av offentlege innkjøp og anskaffingar i kommunen i 2021. Forvaltningsrevisjonen konkluderte mellom anna med at det var rom for forbetring innanfor tiltak for å følgje regelverk og opplæring hjå tilsette. Det var også rom for forbetring når det kjem til avtaleregister av rammeavtalar, oppdatert oversikt over inngåtte rammeavtalar og system for oppfølging av til dømes rammeavtalar. Rapporten konkluderte med at Sykkylven kommune i stor grad kjøper inn varer og tenester i samsvar med lov og regelverk.

Sykkylven kommune har eit økonomireglement vedteken i desember 2021 som omhandlar innkjøp. Der står det at kommunen skal utarbeide ein eigen strategi for innkjøp. I følgje kommunedirektør ligg innkjøpsstrategien til kommunen inn i innkjøpssamarbeidet, men at den er under fornying og skal vedtakast av kommunestyret i september i 2024.

I 2023 vart kommunen klagt inn til KOFA (Klagenemndssekretariatet), men klagen vart avvist.

I spørjeundersøkinga er det tilbakemelding frå ein leiar om at innkjøp har vore under tilsyn.


## Våre vurderingar

Offentlege innkjøp er en kompleks oppgåve for kommunar. Mange tilsette er involvert, det er store summer involvert og det er strenge reglar. Kommunen deltek i innkjøpssamarbeidet der Ålesund kommune er vertskommune. Funn i forvaltningsrevisjon av innkjøp og offentlege anskaffingar i 2021 viste at nokon forbetringpunkt knytt til tiltak for å følgje regelverk, opplæring og rammeavtalar. Kommunen har laga ei innkjøpsrutine som er sist revidert i desember 2023.

Vi har ikkje funn som tilseier at det er store utfordringar på dette feltet, men vi har ikkje data som seier noko om praksisen ute i einingane. Ein oppfølging av forvaltningsrevisjonen og dagens praksis i kommunen kan vere aktuelt.

På grunn av at dette er et generelt vesentleg risikoområde, og for at vi ikkje har data som seier noko om praksisen ute i einingane, vurderer vi samla risiko- og vesentlegheit for området som middels.

Tabellen viser vår vurdering av risiko- og vesentlegvurdering for området:

Risikofaktor	Grunngeving for nivå på sannsyn	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risiko-nivå
Praksis i offentlege innkjøp er utilfreds stillande Svak intern-kontroll Mangel på kompetanse og ressursar	Har økonomireglement og innkjøpsrutine. Innkjøpsstrategi skal vedtakast i september 2024. Gjennomført forvaltningsrevisjon i førre periode. Funn frå forvaltningsrevisjon avdekka punkt til forbetring på området. Har hatt tilsyn på innkjøp. Er klaga inn til KOFA i 2023, men klagen vart avvist.	Tap av verdiar, tillit og omdømme. Korrupsjon, arbeidslivskriminalitet og kameraderi.	M	H	M 

Vi vurderer følgjande tema som mest aktuell:

- Oppfølging av forvaltningsrevisjonen «Innkjøp og offentlege anskaffingar»

## 3.4 TENESTEYTING OG MYNDIGHETSUTØVELSE

### KLART SPRÅK

Med Språklova som gjeld frå 1.1.2022, har offentlege organ plikt til å bruke klart og korrekt språk som er tilpassa målgruppa. I media har det den siste tida vore søkjelys på at innbyggjarar kan ha utfordringar med å forstå offentlege vedtak og den informasjon som blir gitt dei. Med stadig mindre kundekontakt, er klart og godt språk viktig for innbyggjaren. Alle kommunar skal ha ein tilgjengeerklæring for universell utforming av IKT.

### Moglege risikofaktorar

- Informasjon og vedtak er ikkje tilpassa målgruppa
- Risiko for brukar
- Kommunen har ikkje eit klart og brukarvennleg språk
- Ressursar blir brukt uhensiktsmessig

Med bakgrunn i opplysningar om kommunen vurderer vi eit utval av nemnte risikofaktorar. Desse blir presentert i risikotabellen under.

### Opplysningar om kommunen

Frå 1. februar 2023 er alle norske kommunar pålagt å følge en tilgjengeerklæring for universell utforming av IKT. Uutilsynet arrangerer gratis webinar og møter for å rettleie kommunane gjennom krava i erklæringa (Uutilsynet.no).

Kommunen sin nettstad følger likestillings- og diskrimineringslova og forskrift om universell utforming av IKT-løysningar. Målet til kommunen er å følge krava i Web Content Accessibility Guidelines (WCAG 2.1).

På heimesida til Sykkylven.kommune.no står det at «alle skal ha like moglegheiter til å bruke sykkylven.kommune.no. Vi jobbar derfor kontinuerleg med å sikre at nettsidene våre i størst mogleg grad tilfredsstill krava til universell utforming».

Når det gjeld tilgjengeerklæringa, står det at tenestene er i bruk på kommunen si heimeside. Det står at kommunen ikkje har ikkje moglegheit til å publisere enkelte av erklæringane i sjølve løysinga, og at dei difor blir publisert på ei felles side. Tilgjengeerklæringa skal oppdaterast minst éin gong årleg, og kommunen er gong med dette arbeidet for 2024. Det kjem òg fram at dette er eit omfattande og kontinuerleg arbeid også i ettertid (Årsmelding, 2023).

Kommunen har tilgjengeerklæring for IKT-innsyn oppretta fyrste gong 31.01.2023 og sist oppdatert 12.02.2024 (uustatus.no).

Det opplysast om at nettstaden er i delvis samsvar med krava til universell utforming av IKT og at det er brot på 12 av 48 krav. Brota som er registrert i erklæringa får særleg konsekvensar for



brukarar utan syn, avgrensa syn, utan fargesyn, utan høyrsel, nedsett høyrsel, nedsett rørsleevne eller styrkje, avgrensa rekkjevidde og brukarar med nedsett kognisjon (uustatus.no).


Det kjem fram at kommunen som organisasjon har eit potensiale innan kommunikasjon og informasjon. Stab har difor hatt ansvar for fleire prosjekt og tiltak som har heva kvaliteten for alle tenestene i Sykkylven kommune, t.d. krav om universell utforming og tilgjengeerklæring. Dei er i startfasen, og ser at det både er tidkrevjande og interessant. Digitale flater har ei auke i besøkstala, og heimeside og sosiale medium er viktige kanalar. Kommunen er t.d. på Facebook og Instagram (Årsmelding, 2023).

Det kjem fram i spørjeundersøkinga at kommunen si heimeside ofte ikkje er oppdatert, er komplisert, tungvindt å bruke og at det er vanskeleg å finna fram til saker og vedtak for innbyggjarar. Anna informasjon er informasjonsdeling som ikkje godt nok kjem fram til innbyggjarane.

## Våre vurderingar

Området blir vurdert ut frå fleire perspektiv og er knytt direkte til økonomi, tilsette og innbyggjarar. Manglande arbeid med klart språk kan føre til at målgruppa for informasjon ikkje får eller forstår den og at kommunen må bruke unaudsynt tid og ressursar. Vår samla vurdering er at området har låg til middels risiko.

Tabellen viser vår vurdering av risiko- og vesentlegvurdering for området:

Risikofaktor	Grunngjeving for nivå på sannsyn	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risiko-nivå
Informasjon og vedtak er ikkje tilpassa målgruppa	Arbeider med oppdatering av tilgjengeerklæringa Mange målgrupper med ulikt behov for informasjon og for korleis denne blir formidla	Innbyggjarar får ikkje informasjonen dei har krav på. Ineffektiv ressursbruk	L/ M	M	M 

Vi vurderer følgjande tema som mest aktuelle for forvaltningsrevisjon:

- Klart språk

## PERSONALFORVALTNING

Mange kommunar har utfordringar med å rekruttere og få tak i rett kompetanse. Kommunar har utfordringar med å **rekruttere** helsepersonell, særleg sjukepleiarar og legar. Mange kommunar har utfordring med å rekruttere psykolog og vernepleiarar (Helsedirektoratet 2021). For å kunne halde fram med å gje gode teneste, må kommunen ta i bruk teknologi og nye måtar å jobbe på. **Omstillingsarbeidet** må være systematisk, strategisk og målretta (Statsforvaltaren 2023).

Det legemeldte **sjukefråværet** i 4. kvartal 2023 er **6 prosent** i Noreg (NAV). Kvinner har høgare sjukefråvæer enn menn. Korona pregar sjukefråværet enno, som er høgare enn før pandemien. Vi ser at høgt sjukefråvæer og stort arbeidspress kan utfordre **arbeidsmiljøet**.

## Moglege risikofaktorar

- Mangel på kvalifisert arbeidskraft
- Nok og rett kompetanse og ressursar
- Auka krav til fagutdanning
- Omstillingsarbeid
- Mangelfull organisering og leiging
- Lite søkjelys på arbeidsmiljø
- Manglande førebygging
- Manglande oppfølging og tilrettelegging
- Høgt sjukefråvær
- Arbeidsmiljøet er ikkje tilfredsstillande
- Kommunens storleik gjer den sårbar
- Manglande innsikt i årsakene til høgt sjukefråvær hindrar effektive tiltak

Med bakgrunn i opplysningar om kommunen vurderer vi eit utval av nemnte risikofaktorar. Desse blir presentert i risikotabellen under.

## Opplysningar frå kommunen

Personalavdelinga, leia av personalsjefen, har fem tilsette som utgjer 5,8 årsverk.

Arbeidsoppgåvene inkluderer struktur, systematisk arbeid, kontakt med tillitsvalde og drøftingssaker. Avdelinga arbeider med å dokumentere munnlege avtalar og systematisering av desse. Det blir arbeidd mykje sjukefråvær, rettleiing og leiarstøtte samt digitalisering og HMS. Kommunen sin lønspolitikk fremjar òg likestilling og lik løn uavhengig av kjønn (Årsmelding, 2023; Intervju).

Når det gjeld risiko utgjer feilutbetalingar den største risikoen med potensielle økonomiske konsekvensar. Likevel er det no god kontroll med få feilutbetalingar. Andre risikoar inkluderer bemanning og kunnskapsoverføring, særleg med ein eldre arbeidsstokk som nærmar seg pensjonsalder. Få tal tilsette gjer òg at det blir veldig sårbart ved sjukemeldingar (Intervju).

I høve kompetanseheving har ikkje personalavdelinga ein formalisert plan for kompetanseheving, men deltar i HR-nettverk med personalsjefane i Fjord, Stranda, Sula, Giske, Haram og Hareid. Dei har òg løfta tanken om eit interkommunalt samarbeid på løn (Intervju).

I 2023 hadde eininga to tilsyn frå Arbeidstilsynet der eitt tilsyn omhandla kontroll med løns- og arbeidsvilkår for eksterne verksemder, noko som resulterte i eitt pålegg som no er oppfylt (Årsmelding, 2023).

Per 01.10.2023 hadde Sykkylven kommune følgjande fordeling av tilsette:

Eining	Årsverk menn	Årsverk kvinner	Årsverk alle	Tal tilsette menn	Tal tilsette kvinner	Tal tilsette alle
Oppvekst	39,24	167,95	207,19	43	181	224
Helse, omsorg og velferd	25,86	171,04	196,9	34	253	287
Kultur	6,1	2,68	8,78	12	7	19
Tekniske tenester	17,05	11,89	28,94	40	14	54
Sentral-administrasjon	6,5	22,5	29	7	24	31
<b>Totalt</b>	<b>94,75</b>	<b>376,06</b>	<b>470,81</b>	<b>136</b>	<b>479</b>	<b>615</b>

Lærlingar	0,5	2	2,5	1	4	5
-----------	-----	---	-----	---	---	---

Kjelde: Årsmelding, 2023.

Sykkylven kommune har flest kvinnelege arbeidstakarar der 79,8 prosent av årsverka i kommunen blir utført av kvinner. Dette er ein oppgang frå 2022. I tal utgjer kvinner 77,9 prosent av dei tilsette i kommunen. Det er færrest mannlege tilsette innan helse og omsorg med berre 11 prosent, der sektoren har hatt ein nedgang frå 2022 (Årsmelding, 2023).

Arbeidsgjevar har, saman med tillitsvalde, stort fokus på at det er mest mogleg heiltidsstillingar som blir lyst ut i kommunen. Det er òg ei endring i regelverket som gjer at det skal gjennomførast ei drøfting med tillitsvalde kvar gong det skal lysast ut ei deltidsstilling. Kommunen har vidare arbeid med å få med tilsette med deltidsstillingar til å omskulere seg gjennom fagbrev på jobb. Frå 2022 til 2023 er det om lag likt i høve heiltids- og deltidsstillingar (Årsmelding, 2023).

Tabellen under gir ein oversikt over tal heiltids- og deltidsstillingar i kommunen.

Årstal	Heiltidsstillingar	Deltidsstillingar
2022	320	313
2023	311	309

Kjelde: Årsmelding, 2023.

Kommunen har i tillegg vore på ei samling for heiltidskultur i april månad. Dei låg då i botn. Dei ser likevel på stillingane som lysast ut at det blir meir og meir 100 prosent eller store stillingsprosentar. I KS sin framtidretta arbeidsgjevarstrategi, jobbar kommunen saman med sju andre kommunar i Møre og Romsdal. Når det kjem til rekruttering inkluderer arbeidsgjevarstrategien òg heiltidskultur samt tilsetjing av mellom anna lærlingar som ein del av løysinga i høve rekruttering (Årsmelding, 2023; Intervju).

Dei ulike einingane har tilstrekkeleg kompetanse til å løyse tillagte arbeidsoppgåver men har utfordringar med å rekruttere i kompetansesettingar. Demografiske endringar og eit krevjande arbeidsmarknad forverrar dette problemet og legg i tillegg eit press på sakshandsamingskapasiteten i nokre einingar (Spørjeundersøking).

Av tiltak for å sikre kompetanse har kommunen mellom anna kompetanseheving gjennom kurs og samarbeid med nabokommunar samt bruk av vikarbyrå og eigne vikarar. Deltaking på rekrutteringsmesser som «Bli med hit» er òg eit tiltak som kommunen har for å løyse desse utfordringane. Det er likevel ønskt meir kompetanse-heving enn det kommunen får til grunna økonomi (Årsmelding, 2023; Spørjeundersøking).

Kommunen reduserer eventuell sårbarheit ved å ha høg terskel for fråvær, heimekontor og kompetanseheving. Dei jobbar med arbeidsmiljø og trivsel, og har jamlege samarbeidsmøte og fordelingsmøte i høve oppgåver og utfordringar. I spørjeundersøkinga melder alle om eit stort eigarskap til jobben, men at dei er sårbare ved sjukefråvær og at dei fleste ikkje har folk som kan gå inn og gjere jobben for den som er vekk (Spørjeundersøking).

I høve sjukefråvær hadde kommunen eit sjukefråvær på 9,4 % i 2023, ein nedgang frå 2022.

Det er korttids-, eigenmeldt og legemeldt sjukefråvær som minkar (Årsmelding, 2023).

I tabellen under ser ein at sjukefråværet har minka i fleirtalet av einingane, men auka i fleire store einingar, særleg innan oppvekst og helse- og omsorg.

**Tabell 3.4.2. Sjukefråvær i einingane 2022 og 2023.**

Einingar:	År - 22	År - 23
Blakstad naturbarnehage	14,3	15,9
Ullavik barnehage	9,8	7,2
Vikedalen barnehage	15,3	20,7
Aure barneskule/SFO/Gardsskulen		7,8
Aure skule/SFO/Gardsskulen	12,8	6,6
Ullavik skule/SFO	5,8	5,5
Vik skule/SFO	4,7	3,6
Sørestranda skule/SFO	9,5	10,9
Ungdomsskulen og VO	10,6	9,5
Barne- og familietenestene	8	6,4
Sykkylven bu- og aktivitetssenter	12,3	12,9
Heimetenestene	9,1	12,9
Bu- og rehabiliteringstenestene	12,8	11,3
Helse: Tenestek., legesenter, kommunelege	16,2	
Legesenter/legevakt		5,9
Tenestekontoret		17,6
Kultureininga	3,2	1
Tekniske tenester	5	1,3
Eigedom		8,6
Kommuneleiing/rådgjevar/økonomi/løn og personale	7	
Fellestenestene	7	3,6
Stab – Fellestenester/økonomi/løn og pers/rådj		4,9
Kommuneleiing		0,6

\*Eigedom: tala er for aug/sept. \*Stab oppretta 01.08.23.

Kjelde: Årsmelding, 2023

Høgt sjukefråvær i desse sektorane påverkar både økonomi og kvalitet. Kommunen har difor jobba med partssamarbeid og betre rolleforståing, og skal nytte medarbeidarundersøkinga til å sjå på kva sjukefråværet kan skuldast i (Årsmelding, 2023; Intervju).

Kommunen har òg utfordringar med korleis sjukefråværet blir handtert i det folk går frå det eine sjukemeldingsåret og over til ein annan type stønad, t.d. arbeidsavklaringspengar. Det er godt i gang med dette arbeidet (Årsmelding, 2023).

For å handtere sjukefråvær blir det gjennomført møter med hovudverneombod annakvar veke for gjennomgang av rutinar, og dei har sett opp ein plan for revidering av desse rutinane. NAV Arbeidslivssenter bidreg òg med systematisk arbeid, og kommunen kan få bistand frå bedriftshelsetenesta kring rettleiing. Oppvekstsektoren har starta prosessen no, og helse- og omsorg følgjer attende til hausten. Gjennom ein opsjon har dei òg flytta Visma opp i skya for å betre verktøyet når det gjeld arbeidet med sjukefråvær (Intervju).

Når det gjeld medarbeidarundersøking gjennomførte kommunen i mars ein 10-faktor med ein svarprosent på 64 %. Hovudfunna var knytt til rolleklarheit, noko som har gått igjen i fleire år, og sårbarheit ved sjukefråvær. Undersøkinga blir no gjennomført kvart 3. år i staden for 2, slik at einingane får tid til å jobbe med resultatane, prøvd ut tiltak og få ønskt effekt (Intervju).

Kommunen har vidare leiarutvikling som inkluderer månadlege samlingar for leiarar, inkludert avdelingsleiarar, med fokus på heilskapleg styring, system og opplæring knytt til sjukefråvær for leiarar. Dei har òg fått tilbakemelding om at det er ønskt oppfrisking på området knytt til sjukefråvær. Kommunen har difor satt det på agendaen der dei skal sjå om dei klarar å utvikle den vidare i høve til eit interkommunalt samarbeid knytt til leiararbeid (Intervju).

Kommuneleiinga opplyser at sjukefråvær er eit fokus i 2024-2025. NAV arbeidssenter har no gjennomført eit opplegg saman med oppvekstsektoren, og vil framover arbeide med helsesektoren. Kommunedirektør opplyser at kommunen har for høgt sjukefråvær, og at det blir jobba aktivt med å redusere sjukefråværet, skape betre arbeidsforhold, samhandling,

arbeidsglede og samstundes kunne nytte effekten av tilbake i dei ulike tenestene. Sykkylven kommune deltek i KS sitt ”løp” med arbeidsgjevarstrategi gjennom 2024 - 2025.


Personalforvaltning vart i spørjeundersøkinga trekt fram fleire gongar som eit område med størst risiko i kommunen (Spørjeundersøking).

## Våre vurderingar

Personalforvaltning som tema går igjen i fleire sektorar, og særleg i dei store sektorane oppvekst, helse- og omsorg, og i andre sektorar med behov for spesialkompetanse. Personalforvaltning kan ha ulike innfallsvinklar slik det er skildra ovanfor. Vi vurderer at det kan vere føremålstenleg å sjå på både kva for planar kommunen har frå sentralt nivå innan personalforvaltninga, samt kva for rutinar og prosedyrar kommunen har. Det gjeld for rekruttering, behaldning av kompetanse, heiltid/deltid, nærværarbeid og sjukefråværsoppfølging samt andre deltema.

Vi vil òg vurdere personalforvaltning under andre tenesteområde der det er aktuelt, og særleg for den aktuelle tenesta. Vår vurdering er at området har høg risiko.

Tabellen viser vår vurdering av risiko- og vesentlegvurdering for området:

Risiko-faktor	Grunngjeving for nivå på sannsyn	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risiko-nivå
Mangel på kvalifisert arbeidskraft  Høgt sjukefråvær	Utfordringar med rekruttering. Prognosar tilseier at det er behov for fleire i yrkesgrupper som det allereie er mangel på. Har tiltak for å betre situasjonen. Kommunen jobbar med å redusere sjukefråværet.	Brukarar får ikkje dei tenestene dei har krav på. Dårleg tenestekvalitet Manglande kontinuitet i tenester som leverast over tid der andre førebelse løysingar kan vere kostbare.	H	H	H 

Vi vurderer følgjande tema som mest aktuelle for forvaltningsrevisjon:

- Personalforvaltning

---

## OPPVEKST

**Ungt utanforskap**, fråfall i vidaregåande skule og fleire unge uføre er aukande i Noreg i dag. Auke av psykiske lidningar blant unge er ein driver for denne utviklinga (KS 2022:47).

Statsforvaltaren ventar at kommunane **styrkjer det helsefremjande og førebyggjande** arbeidet for barn, unge og deira familiar, inkluderer tilbodet til gravide, gjennom helsestasjon- og skulehelsetenesta, at kommunane satsar på **lågterskel psykisk helsehjelp**, slik at ein kan få rask hjelp utan henvising, og at kommunane gir alle barn og unge som blir viste til psykisk helsevern tilbod om vurderingssamtale (forventningsbrev for 2023).

I rapporten «**Tidleg innsats**, tidleg i livet» (KS) trekkast kommunikasjon, samarbeid og samhandling mellom tenestene fram som viktige kriterium. Godt **tverrfagleg samarbeid**, og kunnskap om andre tenestetilbod er viktig for å komme tidleg på banen. Barnehagen blir omtalt som spesielt viktig i arbeidet med tidleg innsats.

## Moglege risikofaktorar

- Tidleg innsats er ikkje tilstrekkeleg
- Ressursmangel
- Nye kompetansekrav i skule og barnehage blir ikkje følgt opp
- Utilfredsstillande internkontrollrutinar
- Manglande risikovurdering
- Mangelfulle rutinar for overgangar
- Manglande førebyggingsarbeid
- Mangelfulle rutinar for å fange opp barns ulike behov
- Ikkje tilpassa undervisning
- Mangelfull eller feil gjennomføring av aktivitetsplikta
- Mangelfulle rutinar for å skape eit inkluderande miljø
- Ungt utanforskap
- Kvaliteten i oppvekstsektoren er ikkje tilfredsstillande
- Spesialundervisning/tilrettelagt undervisning er ikkje tilfredsstillande
- Mangelfull medverknad
- Mangelfullt tverrfagleg samarbeid
- Utilstrekkeleg bistand frå PPT
- Mangelfull oppfølging av barnehage
- Uklare forventingar mellom skule-heim

Med bakgrunn i opplysningar om kommunen vurderer vi eit utval av nemnte risikofaktorar. Desse blir presentert i risikotabellen under.

## Opplysningar frå kommunen

Sykkylven kommune har ei omfattande oppvekstsektor som inkluderer barnehagar, skular, vaksenopplæring og tilhøyrande tenester som PPT og barnevern.

Trass i svingingar har kommunen lukkast med å rekruttere kvalifiserte lærarar for komande haust, samt andre yrkesgrupper som kommunen treng innanfor oppvekstområdet. Kommunen slit likevel på leiarstillingane på skule- og barnehageområdet når det gjeld bemanning og rekruttering (Intervju).

Gjennom ein arbeidsgjevarstrategi initiert av KS har kommunen eit fokus på dette dei neste 10-15 åra og på korleis dei skal kunne rigge seg for å vere attraktive og løysningsorienterte knytt til oppgåvefordelingar. Fokuset har vore mykje i helse, men dei ser òg ei framtidig utfordring knytt til mangel på rett kompetanse innanfor oppvekstområdet (Intervju).

I vaksenopplæringa er det utfordrande å berekne kor mange flyktningar som kjem og kor mange dei kan rekne med når det gjeld kveldskurs i høve til svingingane i industri og næringsliv. Sjukefråværet er høgt på eininga med mykje bruk av vikarar, og dei skulle hatt meir tid til fokus på pedagogisk utviklingsarbeid samt utvikling av eininga med fokus på ein heilskapleg kommunal skulepolitikk (Årsrapportering, 2023).

Eininga er prega av stort sjukefråvær, høge vikarutgifter, og vanskar med å skaffe nok kvalifiserte vikarar eksternt har ført til høge overtidskostnader. Eininga har òg hatt høge utgifter til IT og høge utgifter til spes.ped. Dei har difor kontakta NAV Arbeidslivssenter slik dei kan køyre eit opplegg på eininga i 2024 (Intervju).

I høve tverrfagleg samarbeid er det etablert eit tett samarbeid med PPT om korleis dei kan nytte ressursane betre og samordne fleire av elevane. PPT har òg trefftide ute i skulane. Grunna ein del sjukemeldingar har dei ikkje fått det til i alle barnehagane. Kommunen held difor på med å lage ein plan på korleis dei skal fordele på PPT slik at barnehagane ikkje blir skadelidande over tid (Intervju).

Kommunen sine fagteam i skule og barnehage med representantar frå helsestasjon, barnevern og PPT som stiller opp etter behov. I desse blir det mellom anna drøfta NN-saker og andre saker som dei er bekymra for. Kommunen følgjer BTI-modellen i dette arbeidet. Trass i at strategiar, planar og møteplanar er på plass, samt stor fleksibilitet frå støttetene og eit tett samarbeid med Flyktingtenesta, er dei likevel sårbare når det kjem til få tilsette og mange sjukemeldingar (Årsrapportering, 2023; Intervju).

Telemarksforsking har gjort undersøkingar på spesialundervisninga i kommunen. Dei har gått gjennom kommunen sine arbeidsmåtar, enkeltvedtak og saker. Dei har òg nett gjennomført intervjurundar med alle leiarar, mellomleiarar og ein del nøkkelpersonar. Kommunen håper at dei får eit godt bilete av kvar utfordringane ligg ettersom Sykkylven kommune ligg høgt på spesialundervisning samanlikna med andre samanliknbare kommunar (Intervju).

Dei kommunale barnehagane har jobba mykje med omorganiseringa, men kombinert med høgt sjukefråvær har dei ikkje nådd alle mål. Dei hadde gjennomgang både på Ullavik og Vikedalen i 2023. Dei få avvika som vart avdekkja vart lukka direkte. Lågt barnetal gjer det utfordrande, men dei er inne i eit samarbeid med NAV for vegen vidare (Årsrapportering, 2023).

Kommunen seier at det blir jobba med og laga risikovurderingar knytt til vald og truslar i skulesektoren. Kommunen brukar òg Standy i høve ein del erfaringsutvekslingar på området (Intervju).

Når det kjem til medverknadssystem for barn og unge, med barnet si stemme, meiner kommunen at det er innarbeidd i alle saksprosessar. Barnevernet har hatt det lenge som lovpålagd og PPT tok det inn for nokre år sidan, at barnet si stemme alltid skal bli høyrte i deira utgreiingsprosessar. På skulane er elevane med i eiga samtale, men òg med i høve foreldresamtalar (Intervju).

Kommunen ventar på Ungdataundersøkinga og resultatata der. Kommunen har årlege elevundersøkingar som blir rapportert i årsmeldingar og tilstandsrapport til grunnskulen. Denne blir no lagt fram for kommunestyret (Intervju).

Det vart gjennomført ein forvaltningsrevisjon av ressursbruk i barnehageområdet 2023.

I spørjeundersøkinga vart grunnskule trekt fram som område med risiko i kommunen.

## Våre vurderingar

Kommunen har hatt forvaltningsrevisjon på oppvekstområdet i 2023, og jobber no med resultatane frå Telemarkforskning sine undersøkingar på spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp. Dei har bistand frå NAV og arbeidslivssenter, og følgjer arbeidsgivarstrategi initiert av KS.

Grunnskule er trekt fram som risikoområde i spørjeundersøkinga. Vi vurderer også at ein oppfølging av forvaltningsrevisjonen kan vere aktuell. Tabellen viser vår vurdering av risiko- og vesentlegvurdering for området oppvekst:

Risikofaktor	Grunngjeving for nivå på sannsyn	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risiko-nivå
Tidleg innsats fungerer ikkje tilstrekkeleg	Høg del spesialundervisning, men kommunen jobber med resultat frå Telemarkforskninga.	Auka behov for spesialundervisning, lågare akademisk prestasjon hjå elevar og auka fråfall.	M	H	M
Ressursmangel	Utfordringar med økonomi, leiarkompetanse og kvalifisert fagpersonell.	Redusert kvalitet på opplæring og i tenester, høgare arbeidsbelastning og avgrensa moglegheiter for å møte individuelle behov hjå barn og unge.			
Mangelfull oppfølging av barnehage	Høgt sjukefråvær.	Kan føre til negativ utvikling hjå barna, misnøye hjå foreldre, og redusert tilflytting.			

Vi vurderer følgjande tema som mest aktuelle for forvaltningsrevisjon:

- Oppfølging av forvaltningsrevisjon frå 2023
- Rekruttering, bemanning og kompetanse

## BARNEVERN

Barns rett til **medverknad** blir ikkje godt nok ivareteken, sjølv om barn har tydelege rettar i lovverket. Det omfattar mellom anna mangel på informasjon, at dei ikkje trygt får sagt det dei ønskjer og mangel på klagetilgang. Det er òg dokumentert relativt omfattande manglar ved barn sin **rett til god og forsvarleg hjelp** på ei rekkje område og at mange barn opplev flytting og ustabilitet i sin omsorgssituasjon. Det er vidare påvist utfordringar ved barnevernstenesta sine **undersøkingar. Rammene** for barneverntenesta ser ut til å vere vanskeleg for små distriktskommunar. Etter utvalet si vurdering er føresetnadene for å levere gode barnevernstenester dårlegare jo mindre barnevernstenesta er (NOU 2023:7:17).

Det har dei siste ti åra blitt gjennomført ei rekkje reformer og endringar i barnevernet på bakgrunn av svikt og utfordringar med kvalitet, særleg i det kommunale barnevernet (NOU 2023:7). Den **nye Barnevernslova** frå 1.1.2023 skal gjere barnevernet enklare, meir brukarvennleg og betre tilpassa samfunnet i dag. Lova skal òg bidra til auka vekt på førebyggjande arbeid og tidleg innsats.



Statsforvaltaren ventar at kommunane styrkjer arbeidet med **tidleg innsats** og førebygging, at det blir utarbeida ein **førebyggingsplan** mot omsorgssvikt og åtferdsproblem, og at kommunen arbeider for å gjenforene barn og foreldre etter omsorgsovertaking. Det er venta at kommunane følgjer opp regjeringa si pågåande **kompetansesatsing** for perioden 2018-2024 og legg til rette for å oppfylle kompetansekrava i den nye barnevernsløva (Forventningsbrev, 2023).

## Moglege risikofaktorar

- Pressa ressursituasjon
- Utfordringar med rekruttering
- Kompetansekrav blir ikkje følgt opp
- Feil i sakshandsaminga
- Manglande retningslinjer og rutinar
- Manglande medverknad
- Lite eller dårleg samhandling mellom tenesta og andre aktørar
- Svak internkontroll
- Press frå omverda
- Tilstandsrapport blir ikkje utarbeida eller lagt fram for kommunestyret
- Førebyggingsplan blir ikkje vedteken av kommunestyret
- Rekruttering av fosterheim
- Kvaliteten i barnevernstenesta er ikkje tilfredsstillande

Med bakgrunn i opplysningar om kommunen vurderer vi eit utval av nemnte risikofaktorar. Desse blir presentert i risikotabellen under.

## Opplysningar om kommunen

Sykkylven kommune har som mål å sikre at barn som treng det får rett hjelp til rett tid gjennom oppvekstreforma/barnevernsreforma, med vekt på førebyggjande arbeid og samordna tenester. Laget rundt barnet og samarbeid til barnet og familien sitt beste er felles satsingsområde i heile oppvekstsektoren (Årsmelding, 2023).

Barne- og familietenestene har eit sterkt fokus på førebygging og samarbeid mellom tenester for å sikre at barn og familiar får heilskapleg støtte. Tenesta har jobba med implementering av BTI, som krev samarbeid frå fleire einingar i heile kommunen. Samarbeid med frivillige organisasjonar er enno ikkje godt nok etablert, og rekruttering til gruppetilbod har vore utfordrande (Årsrapportering, 2023).

Eininga har utfordringar med fråvær og rekruttering, og nyttar delvis vikarbyrå. Utfordringsbiletet er komplekst med aukande krav til tenestene der ressursknappheit gjer det vanskeleg å vidareutvikle førebyggjande arbeid. Mykje av ressursane er knytt opp til oppfølgingsarbeid og dei har meir behov for trefftide ute i einingane for å oppdage tidleg (Årsrapportering, 2023).

Tenesta har hatt eit stort meirforbruk, særleg i barnevernstenesta grunna kjøp av tenester frå staten eller private, samt involvering av sakkunnig psykolog i einskilde saker, noko som har vore svært kostbart. Tilskot til livsopphald på ungdom og ettervern viser òg eit meirforbruk (Årsrapportering, 2023).

Kommunen har stort fokus på vald og truslar i barnevern og Flyktningstenesta, og gjennomfører ROS-analysar for å utarbeide planar og tiltak. Barne- og familietenestene har òg faste møte med

kvar avdelingsleiar og felles avdelingsleiarmøte, og avdelingane har årshjul og jobbar med kompetanseplan og temadagar (Intervju; Årsrapportering, 2023).

Helsestasjonen, jordmor og skuletenesta følgjer nasjonale retningslinjer og tilbyr mellom anna COS-gruppe for foreldrerettleiing, samt samlivskurs i samarbeid med familieteamet (Årsmelding, 2023).

Barneverntenesta har fokus på kjerneoppgåver og har prioritert mottak av meldingar, gjennomføring av undersøkingar, og oppfølging av born og unge i fosterheim og på institusjon. Implementering av barnevernsreforma har styrkja tenesta (Årsmelding, 2023).

Når det gjeld utfordringar medfører lovfesta kompetansekrav at tilsette må ta vidareutdanning, noko som gir fråvær og auka arbeidspress for dei gjenverande tilsette (Tilstandsrapport for barnevernstenesta, 2023).

I høve til rekruttering og kompetansehald er behov og tiltak for å behalde og rekruttere kompetanse avgjerande i eit krevjande arbeidsfelt. Stabilitet og erfaring er òg viktig for å handtere komplekse saker (Tilstandsrapport for barnevernstenesta, 2023).

Auka fokus på rekruttering av fosterheim i slekt og nettverk, samt utfordringar med manglande beredskaps- og fosterheim i regionen, skapar store geografiske avstandar og krev ressurs- og tidskrevjande oppfølging (Tilstandsrapport for barnevernstenesta, 2023).

Mange saker ligg òg i gråsona mellom barnevernlova og anna lovverk, noko som krev tverrfagleg samarbeid og tidleg innsats for å førebyggje alvorlege åtferdsvanskar og omsorgssvikt (Tilstandsrapport for barnevernstenesta, 2023).

Innsatsområda for 2024 for barnevernstenesta er mellom anna overgang til nytt fagsystem, informasjonsarbeid til tenester for barn og unge, kompetanseheving, helsefremjande HMS-arbeid, samt brukarundersøking og evaluering av tenesta (Tilstandsrapport for barnevernstenesta, 2023).

## Våre vurderingar

Kommunen har eit sterkt fokus på førebygging og tverrfagleg innsats for å støtte barn og familiar, samt ei effektiv handtering av meldingar, undersøkingar og oppfølging av barn gjennom barnevernsreforma. Kommunen har likevel utfordringar med å rekruttere og behalde tilsette, samt manglande ressursar til førebyggjande arbeid, i tillegg til eit stort meirforbruk grunna kjøp av eksterne tenester og sakkunnig psykolog. Vedvarande mangel på ressursar og tilsette skapar òg press på tenestene, noko som kan svekke tenestekvaliteten.

Med ein risiko for at barn ikkje får tilstrekkeleg hjelp, noko som kan ha store konsekvensar for deira velferd og utvikling, sett i kombinasjon med andre utfordringar og potensielle konsekvensar, vurderer vi difor området til å ha høg risiko.

Tabellen viser vår vurdering av risiko- og vesentlegvurdering for området:

Risikofaktor	Grunngjeving for nivå på sannsyn	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risiko-nivå
Pressa ressurs-situasjon	Utfordringar med ressursknappheit og stadig krav til omstilling.	Kan føre til redusert tenestekvalitet, auka arbeidsbelastning og manglande evne til å møte behova til barn og familiar.	M	H	H
Utfordringar med rekruttering	Utfordringar med fråvær, rekruttering og delvis bruk av vikarbyrå.	Kan føre til lågare kontinuitet i tenestene og auka risiko for feil i sakshandsaming og oppfølging.			

Vi vurderer følgjande tema som mest aktuelle for forvaltningsrevisjon:

- Barnevernstenesta

## HELSE OG OMSORG

Det er venta at kommunane styrkjer sitt arbeid innan **psykisk helse**. Målet er at dei som må ha psykisk helsehjelp skal få god og lett tilgjengeleg hjelp, særleg barn og unge. Det er òg varsla ein førebyggings- og behandlingsreform for **rusfeltet** hausten 2023 (Statsforvaltaren, 2023).

Som følge av at aldersgrupper med behov for omsorgstenester aukar mykje kraftigare enn folkesetnaden i arbeidsdyktig alder, må kommunane jobbe mot meir heimebasert omsorg og bruk av velferdsteknologi (KS 2023).

### Moglege risikofaktorar

- Manglande ressursar
- Framtidig press på tenesta
- Manglande samordna planlegging
- Organisasjonsendring
- Manglande bruk av velferdsteknologi
- Manglande digitalisering
  - Helseplattforma, journalføring
- Manglar i helsefremjande og førebyggjande arbeid
- Manglande rutinar og retningslinjer
- Uklart ansvar mellom ulike forvaltningsnivå og einingar
- Manglande koordinering av ulike tenester
- Kvaliteten i helse- og omsorgstenesta er ikkje tilfredsstillande
- Utfordringar med omstilling

Med bakgrunn i opplysningar om kommunen vurderer vi eit utval av nemnte risikofaktorar. Desse blir presentert i risikotabellen under.

### Opplysningar om kommunen

Legevakta i Sykkylven har rekruttert fem fastlegar og stabilisert hjelpepersonell. Dei held fram med fokus på digitalisering og oppgåver. Dei oppdaterer prosedyrar og rutinar og har fokus på forbetningsarbeid etter avvik eller klagesaker. Dei evaluerer òg arbeidsmiljøet samt arbeidsflyten deira. Tenesta har ikkje hatt tilsyn. Det har vore utfordrande med rekruttering av fastlegar men

ser på digitalisering, oppgåveglidning og samhandling for å avlaste fastlegar som moglegheiter (Årsrapportering, 2023).

Det kjem fram at 49,3 prosent av innbyggjarane i Sykkylven kommune føler seg nokså trygg på at dei vil få god helsehjelp når dei har behov for det. 30,4 prosent føler seg svært trygg, 4,8 føler seg nokså lite trygg, medan 3,2 føler seg svært lite trygg (Folkehelseundersøkinga, 2021; Kommunestatistikk, 2023).

Heimetenestene har hatt meirforbruk grunna mykje overtid natt. Bruk av vikarbyrå har ikkje vore mogleg å drive utan. Det har vore vanskeleg å rekruttere kompetanse og dei har hatt høgt sjukefråvær. Leiarane deltek i kvalitetsgruppa med kvalitetsrådgjevar. Tenesta har ikkje hatt tilsyn (Årsrapportering, 2023).

BUAS har faste møte i kvalitetsgruppa med kvalitetsrådgjevar og årshjul for kompetanseheving. Tenesta har ikkje hatt tilsyn (Årsrapportering, 2023).

Tenestekontoret har nådd nokre mål men har grunna ei 100 prosent sjukemelding ikkje klart å nå alle måla dei hadde sett seg.

Bu- og rehabilitering er med i kvalitetsgruppa og har utarbeida ny sjekklister for nyttilsette og vikarar i høve opplæring. Dei har òg ny sjekklister for opplæring når det gjeld medikamenthandtering, fagteam, mykje samarbeid med spesialisthelsetenesta for rettleiing, kompetanse-årshjul, utdanna pro-act instruktørar og psykisk helseteam har etablert faste legemøte. Dei jobbar med tiltaksplanar i EPJ, dei nyttar ROS-analysar i større grad, dei har innarbeida bruk av velferdsteknologi og alle tilsette har fått opplæring i avvikshandtering (Årsrapportering, 2023).

Bu- og rehabilitering har gjennomført opp mot 75 % men ser ikkje effekt av alt enno. Dei har hatt tilsyn på Ura der det vart utført risikovurderingar og sett opp tiltak i førekant. Ingen avvik vart meldt. Det er òg eit pågåande tilsyn frå Statsforvaltar knytt til einskildpersonar der HABU aktivt er med (Årsrapportering, 2023). Det kjem vidare fram at eininga har ein del avvik knytt til vald og truslar (Intervju).

I små kommunar som Sykkylven har dei eit breiare ansvarsfelt og er ikkje så spesialisert i å løyse oppgåver som i større kommunar. Dei tilsette kan difor ha ansvar for fleire område, noko som gjer at dei treng ei breiare kompetanse. Kommunen har utfordringar når det gjeld bemanning, kompetanse og rekruttering, noko som er ei gjengs problemstilling i dei fleste kommunar (Intervju).

Når det kjem til velferdsteknologi ligg Sykkylven kommune litt etter med innkjøp og drift av velferdsteknologi. Kommunen har fleire medisindispenserar, geofens for demente, vandrealarmar, døralarmar for demente som bur heime, og tryggleiksalarmar. Dei jobbar òg med å oppgradere signalanlegget på BUAS-institusjonen for å integrere fleire funksjonar som t.d. vandrealarmar. Velferdsteknologi vert òg brukt på romma for å sikre uforstyrta nattesøvn, med varmekamera i hjørnet som t.d. viser om ein person rører seg. Kameraet er ikkje på heile tida, men blir brukt ved tilsyn der ein òg vurderer om ein skal gå inn. Dei har òg sensormatter ved senger som varslar om nokon gjeng ut av senga, med ulike teknologiar tilgjengelege (Intervju).

Kommunalsjef fortel at velferdsteknologi er komen for å bli noko som gjer at ein slepp å skaffe fleire tilsette. Det krev likevel folk til å administrere og overvake, men kvaliteten på tenestene kan bli betre for brukarane, og det gir tryggleik for både pårørande og brukarane sjølv (Intervju).

Ute i einingane og avdelingane har kommunen innan helse og omsorg hatt ein relativt høg stabilitet hjå dei som sit i leiarposisjonar noko som gir ein tryggleik. Skifting av leiarar på kommunalsjefs nivå utfordrar likevel flyt av informasjon og ting som har vore implementert (Intervju).

Helse- og omsorg har laga eigen kompetanseplan. Denne er mellom anna knytt til å kunne søkje midlar, t.d. frå Statsforvaltar (Intervju). I høve rusfeltet har det blitt laga planar, både knytt til rusplan for Sykkylven frå 2021 samt ein gjennomgang av den alkoholpolitiske planen (Intervju).

I høve til tverrfagleg samarbeid er det enklare å samarbeide mellom dei ulike einingane og tenestene når dei er ein liten kommune. Det har eit felles ansvar for å løyse ting og samarbeider mellom anna med NAV i Stranda kommune (Intervju).

Kommunen har teke imot ein god del flyktningar noko som har prega ein del av tenestene. Utfordringane gjeng ut på språk og integrering. Dei jobbar med det og har hatt folk på språktrening samt møte med dei som driv med flyktningar i kommunen i høve til å få til eit kursopplegg innan helsearbeid med fokus på tenestekvalitet og språk (Intervju).

Det blir gjennomført brukarundersøkingar der kommunen hadde ein i byrjinga av året. Kommunalsjef har ikkje sett denne enno. I høve til medarbeidarundersøkinga har resultatane frå denne kome ut til eininga og dei har starta arbeidet med desse (Intervju).

I spørjeundersøkinga til politikarar er helse og pleie og omsorg – heimebaserte tenester og institusjonstenester foreslått som område kommunen har størst utfordringar innanfor.

## Vår vurdering

Kommunen har etablert rutinar og prosedyrar for samhandling mellom tenester og sjukefråværsoppfølging, samt kompetanseplan. Kommunen har òg intensivt arbeidet med velferdsteknologi for å forbetre tenestekvaliteten og heve kompetansen til dei tilsette. Det er vidare positivt at kommunen fokuserer på å styrkje kompetansen hjå dei tilsette i tillegg til eit kontinuerleg arbeid for å rekruttere kvalifisert personell. Det er framleis utfordringar knytt til manglande ressursar og kommunen står ovanfor framtidig press på tenestene med forventane auka i behovet for pleie- og omsorgstenester og auka krav til kompetanse og ressursbruk. Vår samla vurdering er at området har høg risiko.

Tabellen viser vår vurdering av risiko- og vesentlegvurdering for området:

Risikofaktor	Grunngjeving for nivå på sannsyn	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risiko-nivå
Manglande ressursar	Har velferdsteknologi og kompetanseplan	Kan føre til ineffektiv ressursbruk og lågare tenestekvalitet	H	H	H
Framtidig press på tenesta	Utfordringar knytt til bemanning, kompetanse, rekruttering og sjukefråvær Demografiutvikling: Forventa auke i behovet for pleie- og omsorgstenester	Kan føre til overbelastning av personalet, sjukefråvær og redusert kvalitet i omsorga			H

Vi vurderer følgjande tema som mest aktuelle for forvaltningsrevisjon:

- Kvalitet og ressursbruk

## UTRYDDING AV FATTIGDOM

I Møre og Romsdal bur det 4 500 barn i familiar med vedvarande låg inntekt, noko som er tett på ti prosent av barna i fylket. Del av ei slik husholding er aukande nasjonalt. **Tidleg innsats** er viktig for å førebyggje sosiale problem og vedvarande stigmatisering av barn og unge som veks opp i vanskelegstilte familiar. Å bu trongt seier noko om dei økonomiske og materielle føresetnadane for gode levekår, og den aukar i låginntektsfamiliar (KS 2022).

I innvandarfolkesetnaden er det fleire arbeidsledige enn i folkesetnaden for øvrig, og gjennomsnittleg månadsløn er lågare i denne gruppa (KS og SSB.no).

### Moglege risikofaktorar

- Aukande fattigdom i kommunen
- Fattigdom blir ikkje oppdaga
- Manglande ressursar
- Manglande kompetanse
- Mangel på overordna strategi
- Utilstrekkeleg oppfølging av vedtak og prioritering på området
- Utilstrekkeleg samarbeid og tenestekoordinering
- Mangelfull opplysning, råd og rettleiing
- Lite føreseieleg tal flyktingar
- Manglande integrering
- Variert målgruppe vs. individuell tilpassing

Med bakgrunn i opplysningar om kommunen vurderer vi eit utval av nemnte risikofaktorar. Desse blir presentert i risikotabellen under.

### Opplysningar om kommunen

Når det gjeld utanforskap og fattigdom har kommunen sett dette som eit av dei største risikoområda i kommunen. Dei ser at det startar tidleg og at det er ein stor risiko om dei ikkje får ungdommane gjennom vidaregåande skule. Kommunen jobbar med det og har mellom anna hatt eit dialogmøte med kommunestyret der NAV òg var inne med sin statistikk knytt til dei som fell ut ila. vidaregåande skule og kring dei som ikkje kjem inn i arbeidslivet. Kommunen ser at dei

må styrkje det tverrfaglege samarbeidet og satse enno meir på dette området. Dei er veldig avhengig av samarbeidet med NAV for å kunne identifisere alle (Intervju).

Kommunen ser at barn og unge fell fort utanfor om familien ikkje har gode økonomiske vilkår. Dei tek imot relativt mange flyktningar i høve folkesetnaden deira og ser difor at eit tidleg fokus heilt frå barnehage samt eit godt samarbeid er viktig for tidleg avdekking. Dei gjer difor alt dei kan for å kome i posisjon til å kunne avdekkje før både barndomstida og ungdomstida. Om det er godt nok, er dei ikkje sikker på. Helsesjukepleiarane har i alle fall eit stort fokus på dette i sine helsesamtalar og trefftide (Intervju).

Av tiltak har kommunen ei kontantkasse der både familiar og idrettslag kan søke om tilskot, sjølv om dei ikkje alltid når ut til alle. I høve til NAV har kommunen fått tilskot frå forskjellige private stiftingar slik at dei har moglegheit til å bistå familiar med å søke sjølv. Vidare har kommunen utlån av utstyr gjennom frivilligsentral. Denne er for tida stengt grunna innflytting i nye lokale, men dei har merka stor etterspørsel. Det er vanskeleg å sei kor mykje den er brukt, men ein ser tydeleg at den er innarbeida i miljøet (Intervju).

Mottaket av ukrainske flyktningar har gjeve eininga mykje ekstra arbeid. Dette har gått på utover arbeidsretta oppfølging. Eininga fekk ei ekstra stilling, men dette har ikkje kompensert for ekstraarbeidet (Årsrapportering, 2023).

Samhandling på tvers av dei kommunale tenestene vil vere avgjerande for å lukkast med integrering av flyktningane og det same for å lukkast med oppfølgingsarbeidet av ungdomane. Dei har likevel lukkast i å hjelpe fleire ut i arbeid og aktivitet gjennom å bruke statlege tiltaksmidlar. Eininga har òg registrert eit auka behov for sosiale tenester i tillegg til eit utfordrande arbeidsmarknad (Årsrapportering, 2023).


Barn i hushald med låg inntekt er 9,9 % i Sykkylven kommune, og ligg kring landsnittet på 10,5 % ifølgje Husbanken sin bustadsosiale monitor (2023). Av søknader som vart innvilga om kommunal bustad vart 50% innvilga i Sykkylven kommune. Kommunen ligg difor lågare enn resten av landet, som har ein prosentdel på 80 prosent (Kommunebarometeret 2023). I Folkehelseprofilen (2024) kan vi òg sjå at delen som bur i hushaldingar med vedvarande låg inntekt, er lågare i Sykkylven enn i landet som heilheit. Dvs. under 60 prosent av median hushaldningsinntekt i Noreg. Kommunen ligg òg signifikant betre ann enn landet som heilheit når det gjeld vedvarande låg inntekt i alle aldrar (Folkehelseprofil, 2024).

I spørjeundersøkinga vart busetting- og integrering trekt fram som område med størst risiko i kommunen.

## Våre vurderingar

Kommunen har ein aukande barnefattigdom og eit aukande behov for økonomisk sosialhjelp, avgrensa ressursar og fragmentert oppfølging. Dei har sett i gang tiltak som kontaktkasse, frivilligsentral med utlån av utstyr, og får tilskot frå private stiftingar slik dei har moglegheit til å bistå familiar med å søke tilskot osv. sjølve. Vår samla vurdering er at området har middels til høg risiko.

Tabellen viser vår vurdering av risiko- og vesentlegvurdering for området:

Risikofaktor	Grunngjeving for nivå på sannsyn	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risiko-nivå
Manglande ressursar og kompetanse Aukande fattigdom i kommunen Utilstrekkeleg samarbeid og koordinering av tenester	Barn i hushald med låg inntekt er 9,9%. Auka del av flyktningar. Utfordringar knytt til økonomisk sosialhjelp og barnefattigdom (aukande trend). Behov for meir samarbeid mellom NAV og Flyktingtenesta.	Kan føre til sosial eksklusjon og auka avhengigheit av offentlege ytingar hjå sårbare grupper. Kan føre til utilstrekkeleg oppfølging og integrering av sårbare grupper og forsterke sosial ulikskap. Kan føre til at sårbare grupper ikkje får den naudsynte hjelpa og støtta dei treng for å lukkast.	M-H	H	M 

Vi vurderer følgjande tema som mest aktuelle for forvaltningsrevisjon:

- Barn i fattige familiar

## PLAN OG TEKNIKK

**Korrupsjon** i kommunar oppstår ofte i samband med reguleringsprosessar av eigedommar og landbruks-, natur- og friluftsområde under utbygging (Økokrim, 2022). Det har vore fleire dommar for korrupsjon innan plan- og byggjesak (NKRF, 2023). Plan- og bygningskontoret er den tenesta innbyggjarar i Noreg er minst nøgd med (KS, 2022).

Manglande **ulovleg oppfølging** kan over tid føre til at innbyggjarar får **svekka tillit** til kommunen si byggesaksforvaltning. Ulovlege terrenginngrep truer naturen, og det er sannsynleg at både næringsaktørar og private aktørar vil gjere grove ulovlege naturinngrep (Økokrim, 2022).

**Berekraftig arealforvaltning** er viktig for å ta vare på natur, naturmangfald, naturgodar og redusere klimagassutslepp. Arealbruksendringar er ei stor kjelde til klimagassutslepp.

Klimaendringar vil krevje at kommunane planlegg og gjer tiltak for å handtere både akutte og meir gradvise endringar. Dette handlar om samfunnstrygging, miljø og økonomi. Kommunane skal arbeide systematisk med **samfunnstrygging og beredskap**. Det blir kraftigare nedbør, fleire og større regnflaumar, stigande havnivå og fleire jord-, flaum- og sørpeskred. Skadar på grunn av dette er venta å auke i åra framover. **Overvatn** er den største utfordringa kommunane opplev med klimatilpassing (KS, 2022).

Avfallsbransjen er ei bransje med særleg høg risiko for miljøkriminalitet (Økokrim, 2022: 22). Det er sannsynleg at kriminelle aktørar i inn- og utland vil gjere **avfallskriminalitet** framover med bakgrunn i kombinasjonen av auka verdi på avfall og auka pris på lovleg avfallshandtering. Kommunane har eit viktig ansvar for fleire **tilskotsordningar**, særlover og arealbruk som har mykje å seie for landbruket både i dag og i framtida. Kravet om eigen kontrollplan er skjerpa for å sikre tillit til tilskotsoppgåva.



## Moglege risikofaktorar

- ROS-analyse og beredskapsplanar er mangelfulle eller utdaterte
- Risikovurderingar er ikkje sett i system
- Klimaendringar
- Ikkje jamlege øvingar
- Feil i sakshandsaming
- Utilfredsstillande dispensasjonspraksis
- Manglande kompetanse i kommunen
- Eksternt press
- Mangelfull internkontroll
- Manglande ressursar
- Kvaliteten på vassforsyningar og avløp er ikkje tilfredsstillande
- Kvalitet i bustadsoppgåvene er ikkje tilfredsstillande
- Mangelfull samhandling i kommunen
- Manglande tilsyn og ulovleg oppfølging
- Har ikkje ei berekraftig arealforvaltning
  - Tar ikkje omsyn til utbygging, klimaendringar og naturtap
- Gammalt leidningsnett for vatn og avløp
- Utilfredsstillande handtering av overvatn
- Følgjer ikkje nye krav til reinsing av avløpsvatn
- Kvalitet i byggesakhandsaminga er ikkje tilfredsstillande
- Samarbeider ikkje med avfallsselskap om å innføre nye krav til avfallssortering

Med bakgrunn i opplysningar om kommunen vurderer vi eit utval av nemnte risikofaktorar. Desse blir presentert i risikotabellen under.

## Opplysningar om kommunen

Kommunalområde samfunn består av kultur, eigedom og teknisk avdeling. I Sykkylven vart inndelinga oppretta som resultat av omorganiseringsprosessen frå august 2023.

Arealstrategien til kommunen skal kople saman kommuneplanen sin samfunnsdel og kommuneplanen sin arealdel. Kommunen ynskjer ein arealbruk som balanserer behov for utbygging og vern på ein berekraftig måte.

Vidare har Sykkylven vedteken ein landbruksplan med tilhøyrande jordvernstrategi i 2023. Det utbygde området i kommunen er økt med 0,07 prosent dei siste fire åra samstundes som 312 dekar jordbruksareal er omdisponert til andre høve (Kommunebarometeret). Kommunen har starta med klimarekneskap der dei i 2024 skal arbeide med dette gjennom eit prosjekt (Oppstartsmøte).

Rullering av kommuneplanen sin arealdel blei starta opp i 2023 og fyrste planforslag blei sendt til høyring i 2023. Kommunen deltek i eit interkommunalt samarbeid med Fjord og Stranda om felles plan for sjøområda. Offentleg høyring av planforslag vert første kvartal 2024.

Innan byggesakhandsaming kjem det fram i kommunebarometeret at kommunen har ein del brot i lovpålagde fristar, noko som kan skuldast utdaterte tal i barometeret. I 2022 overhaldd kommunen sakshandsamingsfristen i 52,7 prosent av sakene. I årsmeldinga for 2023 kjem det fram at kommunen overheld sakshandsamingsfristen i 99 prosent av sakene, noko som er ei vesentleg auke frå 2022.

Av det siste kommunebarometeret visast fristbrot i 42,7 prosent av sakene. Kommunen har ikkje særleg høge sakshandsamingsgebyr, og gjer det gjennomsnittleg i fylket og godt blant

nabokommunar i sakshandsaming totalt sett. Kommunen prioriterer å auke innsatsen når det gjeld tilsyn (Årsmelding, 2023).

Innan vatn og avløp har Sykkylven ein 222. plass i landet, og ei ganske låg plassering i fylket. Kommunen har eit tap på ca. 30% av vassleidningsnettet, noko som er kring det gjennomsnittlege i Noreg. Kommunen si plassering på barometeret er delvis sett i høve til nokre brot i vassleveranse per timer i året. Gebyr for VA ligg òg så vidt under det nasjonale landsnittet. Kommunen gjer det gjennomsnittleg bra for tilkopa abonnentar med tilfredsstillande prøveresultat av farge, EI, e.coli og andre indikatorar.

Kommunen ligg signifikant dårlegare ann enn landet som heilheit når det gjeld drikkevatt (hygienisk og stabilt) (Folkehelseprofil, 2024).

I 2023 vart det gjennomført 17 ROS-analyser av ulike tema i kommunen. Nokre av analysane vart gjennomført på bakgrunn av tilsyn, men dei fleste vart gjennomført i samband med generelt førebyggjande arbeid. ROS-analysane har resultert i tiltak som er nedfelt i handlingsplanar som blei følgde opp i systemet WHAT IF (Årsmelding, 2023).

Kommunen informerer vidare om eit heilskapleg fokus på beredskap og deltek aktivt i beredskapsøvingar (Oppstartsmøte). Kommunen samarbeider med nabokommunane og statforvalter/fylket når det gjeld beredskap (Faktasjekk).

Dei andre områda i eininga, t.d. eigedomsavdeling med eit ansvar for dei kommunale bygga i Sykkylven, visar rekneskapan for området eit meirforbruk i 2023. Det blei opna ny barneskule og nytt bibliotek i 2023. Av KOSTRA-tal for netto driftsutgifter til veg nyttar Sykkylven litt mindre enn samanliknbare kommunar i regionen, og kommunen har manglande ressursar innan førebyggjande brannvern (Årsmelding, 2023).


I spørjeundersøkinga vart saks- og klagehandsaming samt samfunnssikkerheit og beredskap trekt fram som område med størst risiko i kommunen.

## Våre vurderingar

Plan og teknikk er eit område der det vesentlege vurderast ut frå fleire perspektiv. Det viktigaste er knytt til økonomi, miljø og berekraft, og å levere ein god teneste til innbyggjaren. Kommunen ligg i kommunebarometeret noko lågt innan vatn og avløpsområdet. Til førebyggjande brannvern meldast det om manglande ressursar. Deler av eininga har vært gjennom omorganisering, noko som kan auke risiko for manglande samhandling.

Tenestene som eininga leverer er viktig for innbyggjarane i kommunen, men er òg kjend for å vere utsett for klager frå innbyggjarane samt sårbar for press og korrupsjon. Vår samla vurdering er at området har middels risiko.

Tabellen viser vår vurdering av risiko- og vesentlegvurdering for området:

Risikofaktor	Grunngjeving for nivå på sannsyn	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risiko-nivå
Kvaliteten på vassforsyningar og avløp er ikkje tilfredsstillande Manglande ressursar Eksternt press	Brot i vassleveransen Manglande ressursar innan brannvern Nyleg omorganisering	Innbyggjarar kan få for lav kvalitet på vatn og avløp. Dårleg kvalitet på vatn kan føre til sjukdom. Tap av verdiar, tillit og omdøme.	M	M	M 

Vi vurderer følgjande tema som mest aktuelle for forvaltningsrevisjon:






- Vatn og avløp








### 3.5 AKTUELLE TEMA FOR FORVALTNINGSREVISJON -OPPSUMMERING

Områder med låg risiko er ikkje inkludert i denne oppsummeringa.

Berekraft og samfunnsutvikling	Samla risiko- og vesentlegvurdering
Berekraft og samfunnsutvikling: Økonomistyring	Høg 

Lokaldemokrati	Samla risiko- og vesentlegvurdering
Vilkår for lokaldemokratiet: Lokaldemokrati	Middels 

Tillitsskapande forvaltning	Samla risiko- og vesentlegvurdering
Internkontroll	Middels 
Etikk og varsling: Oppfølging varslingsrutinar	Middels 
Interkommunale samarbeid: Interkommunale samarbeid	Middels 
Digitalisering og informasjonstrygging: Personvern, handsaming av sensitive opplysningar, derunder datahandsamingsavtalar og arkivering	Middels 
Offentlege innkjøp: Oppfølging forvaltningsrevisjon innkjøp	Middels 

Tenesteyting og myndigheitsutøving	Samla risiko- og vesentlegvurdering
Klart språk	Middels 
Personalforvaltning	Høg 
Oppvekst: Oppfølging av forvaltningsrevisjon frå 2023, Rekruttering, bemanning og kompetanse	Middels 
Barneverntenesta	Høg 
Helse og omsorg: Kvalitet og ressursbruk	Høg 
Utrydding av fattigdom: Barn i fattige familiar	Middels 
Plan og teknikk: Vatn og avløp	Middels 

## 4. RISIKO- OG VESENTLEGVURDERING I SELSKAP – EIGARSKAPSKONTROLL OG FORVALTNINGSREVISJON I SELSKAP

I dette kapitlet skal vi vurdere risiko- og vesentlegheit for kommunen sitt eigarskap, samanlikna med behovet for eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon. Etter ei kort innleiing om kommunalt eigarskap, metodar og gjennomføring, skal vi undersøke kommunen sitt eigarskap. Deretter skal vi utføre ei risiko- og vesentlegvurdering av korleis kommunen styrar eigarskapet sitt og dei selskapa kommunen eig.

Analysen er delt inn etter dei ulike selskapsformene og tek ikkje for seg alle selskapa til kommunen. Analysen legg mest innsats i risikovurderinga av dei selskapa som er vurdert som mest vesentleg. Risiko- og vesentlegvurderinga byggjer på informasjon om Sykkylven kommune. Dette gjeld særleg informasjon om bakgrunnen for at kommunen er eigar eller har eigarinteresser i selskapet, og korleis kommunen tek vare på sine eigarinteresser. Sykkylven kommune har i stor grad gjort reie for og avklart dette i eigarskapsmeldinga som vart vedteken i 2023. I tillegg har vi gått gjennom anna relevant dokumentasjon som planverk, reglement, retningslinjer og prosedyrar.

### 4.1 INNLEIING

Kontrollutvalet skal etter lov om kommunar og fylkeskommunar av 22.6.2018 § 23-2 i Kommunelova sjå til at det blir ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine eigarinteresser i selskap mv. Dette er eigarskapskontroll. I § 23-4 er det reglar om utarbeiding av risiko og vesentlegvurdering som grunnlag for plan for eigarskapskontroll.

#### **Eigarskapskontroll er definert i Kommunelova § 23-4:**

«Eigarskapskontroll inneber å kontrollere om den som utøver kommunen sine eigarinteresser, gjer dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyret sitt eller fylkestinget sitt vedtak og anerkjende prinsipp for eigarstyring».

Eigarskapsmelding er eit viktig dokument ved utarbeiding av risiko og vesentlegvurderingar og plan for eigarskapskontroll. Ny kommunelov styrker kommunane si eigarstyring ovanfor kommunalt eigde selskap med vidare. Eit viktig grep er at det no gjeld eit lovfesta krav om eigarskapsmelding i lova si § 26-1.


Regelen gir minimumskrav til innhald i meldinga, og krev at meldinga skal bli utarbeidd minst éin gang i valperioden og bli vedteke av kommunestyret. Eigarskapskontrollen skal vere med å sikre at kommunen utøver sitt eigarskap på ein profesjonell måte. Dette vil kunne gjere at kommunen kan påverke selskapet i ønska retning, at eventuelle medeigarar er likeverdige og samstundes som at selskapet er uavhengig.

## 4.2 OM KOMMUNALT EIGARSKAP

Norske kommunar har stor grad av fridom til å organisere tenestene sine. Dei kan velje mellom fleire organisasjonsformer: Kommunalt oppgåvefelleskap, interkommunale politiske råd, interkommunale selskap (IKS), samverkeføretak (SA), aksjeselskap (AS) eller stiftingar. Vi ser at utviklinga peiker mot at delar av den kommunale tenesteproduksjonen blir flytta ut av den enkelte kommune og over i ulike former.

Uavhengig av organisasjons- eller eigarform er det kommunestyret som har det overordna ansvaret for kommunen si samla verksemd. Kommunen sin påverknad er regulert gjennom lowerket knyt til dei ulike selskapsformene. Figur 4.1.1 under viser at organisasjons- eller eigarforma si sjølvstende i høve til kommunestyret varierer mellom dei ulike selskapsformene. Kommunestyret sin grad av påverknad for innsyn og kontroll er redusert i selskap med private eigarar, og i sjølvorganiserande stiftingar med mindre anna står i vedtekter og avtalar.

**Figur 4.1.1.** Visar ulike selskapsformer som kan etablerast for å utføre tenester i ein kommune



Kjelde: KS, 2020.

Når kommunen organiserer tenesteproduksjonen i eigen kommune, gjeld styringssystema som følgjer av kommunelova, og kommunestyret har i utgangspunktet all mynde til å ta avgjerle. Dersom verksemda er lagt i egne rettssubjekt, som aksjeselskap eller interkommunale selskap, må styringssystema følgje den aktuelle lovgivinga for styring av dei. Dette medfører at styring av selskapet må skje i selskapet sine eigarorgan, generalforsamling for AS og representantskap for IKS. Interkommunale politiske råd og kommunale oppgåvefelleskap er her underlagt kommunelova. Som egne rettssubjekt er dei styrt gjennom representantskap og styre. I AS med private eigarar og i stiftingar er det ikkje høve til kontroll med føretaket, med mindre det står i vedtektene eller selskapsavtalar.

Kontrollutvalet kan krevje dei opplysningane som er naudsynt for å gjennomføre sin kontroll av IKS, interkommunale politiske råd, kommunale oppgåvefelleskap, samt AS der ein kommune eller fylkeskommune aleine eller saman med andre kommunar, fylkeskommunar eller IKS direkte eller indirekte eig alle aksjar. Opplysningane kan bli gitt frå verksemda sin daglege leiar, styret og den valde revisoren for selskapet. Reglane om innsyn og undersøkingar i selskap o.l. i kommunelova § 23-6 gjeld på tilsvarande måte for kommunen sin revisor.

## 4.3 KJELDER TIL DATA

Data i dette kapitlet er henta frå følgjande kjelder:

- Kommunen sitt årsrekneskap for 2023, inkl. noter
- Kommunens eigarskapsmelding 2023
- Kommunen si heimeside, mellom anna postliste og politiske møtedokument
- Tidlegare revisjonar og generell eigarskapskontroll 2023
- Vår kjennskap til selskapa og kommunen
- Proff.no

## 4.4 EIGARSKAP I SYKKYLVEN KOMMUNE

I den nye Kommunelova kapittel 26 står det om eigarstyring i kommunane. Kommunar skal ha ei eigarskapsmelding, og at den skal bli revidert minst ein gang i valperioden. Sykkylven kommune sin eigarskapsmelding blei vedteke i 2023. Denne omhandlar rammeverket for kommunen sin eigarpolitikk, og omhandlar overordna prinsipp, retningslinjer og strategiar som regulerer kommunen sin styring og kontroll.

Eigarskapsmeldinga er bygd opp av tre delar; ein generell del med overordna eigarskapspolitikk med motiv og prinsipp for eigarstyring, del to som inneheld oversikt over dei spesifikke eigarposisjonane, og del tre med oversikt over roller, ansvar og årshjul for eigarskapsoppfølging. I eigarskapsmeldinga går det fram at Sykkylven kommune sitt føremål med selskap kan delast inn i to: Finansielt føremål med ev. tilleggsføremål (t.d. ringverknadar med eigarskapet som t.d. regionale arbeidsplassar eller lokalisering og hovudkontorfunksjon), og sektorpolitiske føremål eller andre politiske/regionalpolitiske føremål.

### **Følgjande prinsipp legg Sykkylven kommune til grunn for eigarstyringa:**

1. Kommunestyret er generalforsamling i heileigde aksjeselskap.
2. Ordførar, eller den ordførar peikar ut, stiller på vegne av kommunen i deleigde selskap.
3. Kommunestyret oppnemner styremedlemar og representantar til aktuelle eigarorgan.
4. Den kommunale valnemnda skal forestå styremedlemmar til alle selskap der kommunen har styrerepresentasjon, dersom anna ikkje er vedtektsfesta.
5. Kommunestyret vedtek retningslinjer for valnemnda sitt arbeid.
6. Det skal settast eit nøkternt nivå på leiarlønningar, pensjon, styrehonorar og anna godtgjering i selskapa.
7. Eigarskapsmeldinga skal oppdaterast etter behov, men skal handsamast av kommunestyret i løpet av første år av valperioden.

Årsrekneskapen skal innehalde note med oversikt over aksjar og eigarpostar som kommunen har og informasjon om bokført verdi per 31.12 ved utgangen av året. Note 5 om aksjar og delar i årsrekneskapen 2023 er som følgjer (utdrag):

**Note nr. 5 – Aksjar og lutar**

Budsjet og rekneskapsforskrifta, § 5-11, b)

Selskapsnavn	Eierandel i %	Vesentlig endringer i eierandel	Vesentlig nedskrivning	Reversering nedskrivning	Bokført verdi 31.12
EIGARINNSK. ÅKNES/TAJFJ. IKS	20 %				200 000
MURITUNET AS	0,50 %				70 000
AURE OMSORGSBUSTADER AS	100 %				352 000
SYKKYLVEN BUSTADSELSKAP AS	100 %				4 600 000
SYKKYLVEN ENERGI HOLDING AS	100 %				51 670 516
BYRG KOMPETANSE AS	0,01 %				10 000
STORFJORDTERMINALEN AS	100 %				8 100 000
HAREID FASTL.SAMBAND AS	0,11 %				10 000
ATTVIN AS	1,95 %				46 000
BIBLIOTEKSENTRALEN AL	1 %				1 500
STORFJORDSAMBANDET ASA	34 %				4
SYKKYLVEN RESSURSENTER AS/FU	1 %				6 000
VELLEDALEN I BALANSE AS	0,006 %				5 000
SYKKYLVEN NÆRINGSUTV. AS	52,00 %				26 000
UTVIKLINGSFORUM FOR ÅLESUND LUFT	2,44 %				25 000
MØRE OG ROMSDAL REVISJON SA	2,60 %				105 000
STRAUMGJERDE VASSVERK	1 %				5 000
DET NORSKE TEATRET LL	1 %				3
STORFJORD KULTURHUS SA	1 %				1
PLUSLAB AS	25 %				12 500
NORSK MØBELFAGLEG SENTER	25 %				17 000
KOMPETANSENTER FOR NORSK MØBELINDUSTRI			600 000		-
SYKKYLVEN FRLUFTSENTER	12,90 %				30 000
HUNDEIDVIK VASSVERK VERDI PÅL	1 %				5 000
ØVRE VELLEDALEN VASSVERK, PÅL	1 %				5 000
EIGENKAPITALINNSKOT KLP					20 750 071
Sunnmøre Kontrollutvalgssekretariat IKS	9,09 %				-
Interkommunalt Arkiv for MoR IKS	2,24 %				-
				SUM	86 051 595

---

**SYKKYLVEN KOMMUNE ER MEDEIGAR I FØLGANDE SELSKAP**
**Aksjeselskap (AS)**

Attvin AS

Muritunet AS

Aure Omsorgsbustader AS

Sykkylven Bustadselskap AS

Sykkylven Energi Holding AS

Byrg Kompetanse AS

Storfjordterminalen AS

Hareid Fastlandssamband AS

Velledalen i Balanse AS

Sykkylven Næringsutvikling AS

Plusslab AS

**Interkommunale selskap (IKS)**

Åknes/Tafjord IKS

Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal

Sunnmøre kontrollutvalgssekretariat

**Samverkeføretak (SA)**

Storfjord Kulturhus SA

Møre og Romsdal Revisjon SA



## 4.5 RISIKO- OG VESENTLEGVURDERING I SELSKAP

Vi har brukt følgjande faktorar ved val av selskap som er eigna til eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon:

- Selskapet driv ein lovpålagt teneste for kommunen
- Selskapet har ein omsetning av en viss størrelse
- Selskapet har en stor økonomisk verdi for kommunen
- Selskapet har ein allmenninteresse
- Selskapet har tilsette
- Storleik på eigarskapet

---

### GENERELLE RISIKOFAKTORAR

Når det gjeld prinsipp for eigarskap og forvaltning, formål med eigarskap samt representasjon i eigarorgan og styre, er det nokre generelle risikoområde:

- Kommunen har uklare prinsipp for utøving av eigarskap
- Kommunen bryt habilitetsreglar
- Kommunen er ikkje open i utøvinga av sitt eigarskap
- Føremålet med eigarskapet er uklart
- Kommunen kontrollerer ikkje om selskapet når sine mål
- Kommunestyret sitt vedtak blir ikkje følgt av selskapet
- Nominasjonsordning i kommunen sikrar ikkje naudsynt kompetanse i styret i selskap
- Mål og strategiar blir ikkje følgt opp
- Selskapet rapporterer ikkje i tråd med lovkrav og avtale
- Det er ikkje sikra innsyn og offentlegheit om eigarskap og i selskapa
- Kompetansen i styret og styresamansetjing er ikkje i tråd med kommunestrategi
- Habilitetsreglar blir ikkje teke omsyn til ved styresamansetjing
- Selskapet følgjer ikkje opp berekraftmåla

Sykkylven kommune bør ha rutinar for eigarskapskontroll som minimerer risikoen for at de generelle risikofaktorane som er lista ovanfor inntreff.

---

### OPPLYSNINGAR OM KOMMUNEN, SELSKAPET OG VÅR RISIKO- OG VESENTLEGVURDERING

Sykkylven har vedteke eigarskapsmelding i 2023.

#### I eigarskapsmeldinga skal kommunen:

1. Tydeleggjere korleis Sykkylven kommune vil utøve ein overordna eigarskapspolitikk
2. Gje ei samla oversikt over alle kommunen sine eigarposisjonar

3. Vise aktørbildet og roller, samt korleis eigar vil utøve eigarskapsoppfølginga

Sykkylven kommune som eigar ønsker ei klargjort rolle- og ansvarsdeling mellom eigar og selskap, og som følgjer prinsipp for god eigarstyring og selskapsleiing, slik det er nedfelt i KS sine tilrådingar om eigarstyring, selskapsleiing og kontroll.

Sykkylven kommune sin visjon er SKAPARGLEDE.

**Dei prioriterte områda frå eigarskapsmeldinga til Sykkylven omfattar:**

- Berekraft
- Verdiskaping
- Tenestekvalitet
- Bustadsituasjonen
- Livskvalitet, likeverd og mangfald

Sykkylven kommune forventar at alle selskap legg til grunn kommunen sine føringar knytt til etiske retningslinjer, innkjøpsstrategi og openheit -og innsyn.

Møre og Romsdal Revisjon SA utførte ein eigarskapskontroll i november 2023, med ei grundig undersøking av eigarskapet i Sykkylven kommune. Eigarskapskontrollen frå 2023 vurderte at eigarskapsmeldinga til Sykkylven inneheld krava. Eigarskapsmeldinga til kommunen vart vedteken i mars 2023 i sak 17/2023.


Hovudkonklusjonen frå eigarskapskontrollen var som følgjer: «Etter vår vurdering er eigarstyringa i Sykkylven kommune i stor grad i samsvar med krav og anbefalingar. Mellom anna er det utarbeidd eigarskapsmelding».

**Følgande forbetringpunkt ble påpekt i eigarskapskontrollen:**

- prinsippa i eigarskapsmeldinga er kjent hos dei som representerer kommunen i eigarorgan
- kommunikasjon mellom selskap og kommunen blir journalført
- eigardag og fag/ tematiske dialogmøte blir gjennomført i tråd med vedteken eigarskapsmelding

Eigarskapskontrollen frå november 2023 minskar risikoen på området, men inneheld samtidig nokre forbetringpunkt for Sykkylven kommune som kan være aktuelle for en ny eigarskapskontroll. Generelt syner kontrollen at Sykkylven kommune utøver sitt eierskap i samsvar med krav og anbefalingar. Einskilde politikarar meiner det kan være behov økt kunnskap og informasjon omkring eigarskapet til kommunen.

Tabellen viser vår vurdering av risikonivå for eigarskapskontroll:

Risikofaktor	Grunngjeving for nivå på sannsyn	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risiko-nivå
Mål og strategiar følgjast ikkje opp Selskap rapporterer ikkje i samsvar til lovkrav og avtale Det sikrast ikkje innsyn og offentlegheit om eigarskap og selskap	Har utarbeidd eigarskapsmelding i 2023 Generell eigarskapskontroll gjennomført i 2023 Journalføring av kommunikasjon Dialogmøte gjennomførast i tråd med eigarskapsmeldinga	Kommunens mål blir ikkje nådd. Manglande openheit, svekka tillit og omdømme. Svak internkontroll	L- M	H	L 

Aktuelt tema for eigarskapskontroll:

- Eigarskapskontroll – Eigarskapsstyring og -oppfølging, med eitt eller fleire av følgjande tema:
  - Møter blir gjennomført i tråd med vedteken eigarskapsmelding
  - Praktisering av offentlegheit
  - Kontroll av om selskap når sine mål
  - Kommunestyret sine vedtak blir følgde
  - Journalføring

## 4.6 FORVALTNINGSREVISJON I SELSKAP

### GENERELLE RISIKOFAKTORAR

- Følgje opp mål og strategiar
- Berekraftsmåla blir ikkje følgt opp i selskapa
- Innsyn og offentlegheit blir ikkje sikra
- Innkjøpsregelverket blir ikkje følgt
- Ethiske retningslinjer blir ikkje følgt
- Styresamansetjing
- Arbeidslivskriminalitet
- Økonomisk styring
- Svak internkontroll

Selskapa bør ha rutinar og en internkontroll som minimerer risikoen for at dei generelle risikofaktorane som er lista opp ovanfor inntreff.

---

## OPPLYSNINGER OM KOMMUNEN, SELSKAPET OG VÅR RISIKO- OG VESENTLIGHETSVURDERING

Vurdering om, og i tilfelle, kva selskap revisjonen skal rettast mot kan vurderast ut frå fleire perspektiv. Moment i disse vurderingane er eigenandel, verdi, og grunnlaget for eigarskapet (politisk, regional politisk, økonomisk/ finansielt, om selskapet leverer tenester til kommunen etc.).

### SELSKAP SOM ER VURDERT

#### **Bingsa gjenvinning AS/Attvin AS**

Selskapet er et resultat av samanslåinga av selskapa ÅRIM IKS og Bingsa. Frå 1. september 2023 vedtok generalforsamlinga at det nye selskapet skulle få namnet Attvin AS. Aksjane i selskapet kan berre vere eigd av offentlege. Ålesund kommune har den største eigardelen med 90 %, medan dei 6 andre kommunane har mindre eigardelar der Sykkylven kommune har en eigardel på 1,9 %.


#### **SYKKYLVEN ENERGI HOLDING AS**


Sykkylven Energi konsernet (SE konsern) består av morselskapet Sykkylven Energi Holding AS, og dei to 100 % eigde dotterselskapa Sykkylven Energi AS og Straumen Nett AS. I tillegg inngår Sykkylven Miljøpark AS som eit 100 % eigd dotterselskap av Sykkylven Energi AS. Selskapet har vedtekter som sist er endra 14.6.2021.

Føremålet med selskapet er gitt i § 2. «Føremål med verksemda er, direkte eller indirekte gjennom dotterselskap, overføring av elektrisk kraft med høg leveringssikkerheit og leveringskvalitet til kundar i Sykkylven kommune og produksjon av elektrisk energi i egne kraftstasjonar. Selskapet skal vidare, direkte eller indirekte gjennom dotterselskap, yte gode og sikre tenester innan vassforsyning og avløp (VA) til innbyggjarane i Sykkylven. I tillegg skal selskapet, direkte eller indirekte gjennom dotterselskap, bygge og vedlikehalde infrastruktur for fiberbaserte kommunikasjonsløyser.

I spørjeundersøkinga fekk politikarar spørsmål om det er selskap kommunen har eigarinteresser i som etter deira si vurdering burde følgast opp med forvaltningsrevisjon og eigarskapkontroll. Ein politikar skriv at Sykkylven Energi og budsjettforvaltninga til selskapet kan vere eit aktuelt tema.

Tabellen viser vår vurdering av risikonivå for forvaltningsrevisjon i selskap:

Selskap	Grunngjeving av nivå på sannsyn	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risiko-nivå
Attvin AS	Selskapet driver ein verksemd som har stor betydning i arbeidet med miljømessig berekraft.	Mål blir ikkje nådd. Selskapet og verksemda utviklast ikkje til det beste for kommunen og innbyggjarane. Kommunen sitt omdøme kan svekkast.	M- H	H	H 

Selskap	Grunngjeving av nivå på sannsyn	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risiko-nivå
Sykkylven Energi Holding AS	Selskapet har stor økonomisk verdi og driv ei verksemd som har stor betydning lokalt Eigardel	Mål blir ikkje nådd Selskapet og verksemda utviklast ikkje til det beste for kommunen og innbyggjarane	M	M	M 

Aktuelle tema for forvaltningsrevisjon kan vere:

- Attvin AS, berekraft, sjølvkost
- Sykkylven Energi Holding AS, måloppnåing

## 5. REFERANSELISTE

- Datatilsynet (2022). Årsrapport 2022. Hentet fra: [Årsrapport for 2022 | Datatilsynet](#)
- Datatilsynet (2023). Tilsyn i kommuner og fylkeskommuner. Hentet 25.5.2023 fra [Tilsyn i kommuner og fylkeskommuner | Datatilsynet](#)
- FN- Sambandet (2023). FNs bærekraftsmål. Nettside. 02.05.2023: <https://www.fn.no/om-fn/fns-baerekraftsmaal>
- Helsedirektoratet (2021). Utfordringer med å rekruttere helsepersonell i kommunene – en grafisk framstilling av resultatene fra Kommunesektorens arbeidsgivermonitor. Hentet 11.5.2023 fra: [Utfordringer med å rekruttere helsepersonell i kommunene - Helsedirektoratet](#)
- Kommunal Rapport (2023). Kommunebarometeret. [Kommunebarometeret - Om Kommune&shy;barometeret \(kommunal-rapport.no\)](#)
- Kommune-CSIRT (2023). Digitalt situasjonsbilde no. 1 for 2023. Hentet fra: <https://kommunecsirt.no/nyheter-og-artikler/digitalt-situasjonsbilde-no-1-for-2023>
- Kommunenes sentralforbund (2019). Hva er kommunens utfordringer? Klimatilpasning i praksis. Hentet 02.05.2023 fra ks.no: <https://www.ks.no/fagomrader/samfunnsutvikling/klima/hva-gjor-vi-med-klimaendringene-klimatilpasning-i-praksis/hva-er-kommunenes-utfordringer/>
- Kommunenes sentralforbund (2022). *Status kommune 2022*. Hentet 04.05.2023 fra <https://www.ks.no/globalassets/fagomrader/statistikk-og-analyse/status-kommune/KS-Status-kommune-2022-web.pdf>
- Kommunenes Sentralforbund (2022 b). Utfordringene vi må løse. Hentet fra: [Utfordringene vi må løse - KS](#)
- Kommunenes sentralforbund (2023). *Status kommune 2023. Der folk bor*. Hentet 25.05.2023 fra: [Status-kommune-2023.pdf \(ks.no\)](#)
- Kunnskapsdepartementet (2019). *Meld. St. 6 (2019-2020). Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO*. Hentet fra: [Meld. St. 6 \(2019–2020\) - regjeringen.no](#)
- Kommunal- og distriksdepartementet (2022). Hentet fra: [Kontrollutvalgsboka \(regjeringen.no\)](#).
- Vinsand, Geir (2023). «NIVI Rapport 2023:3. Interkommunalt samarbeid i Møre og Romsdal». Hentet 06.01.2024 fra: [Notat \(statsforvalteren.no\)](#)
- NKRF (2023). Korrupsjon i kommunene – eksempler fra de siste 10 årene. Hentet 9.5.2023 fra [Korrupsjon i kommunene – eksempler fra de siste 10 årene - NKRF](#)

NOU 2023:7. Trygg barndom, sikker fremtid — Gjennomgang av rettssikkerheten for barn og foreldre i barnevernet. Hentet 16.5.2023 fra: [NOU 2023: 7 - regjeringen.no](https://www.regjeringen.no)

Politiets Sikkerhetstjeneste (2023). Nasjonal trusselvurdering 2023. Hentet 9.5.2023 fra [NTV-2023 \(pst.no\)](https://www.pst.no)

Pressens faglige utvalg (2022). Åpenhetsbarometeret 2022. Hentet 11.5.2023 fra [Åpenhetsbarometeret 2022 - Presse.no](https://www.360online.com)

[Årsrapport 2021 - Møre og Romsdal 2025 \(360online.com\)](https://www.360online.com)

Regjeringen (2021). Langsiktige utfordringer som følge av en aldrende befolkning. Hentet 23.5.2023 fra [Langsiktige utfordringer som følge av en aldrende befolkning - regjeringen.no](https://www.regjeringen.no)

Regjeringen (2022). Nasjonal strategi for den sosiale boligpolitikken 2021-2024. Hentet 26.05.2023 fra [Nasjonal strategi for den sosiale boligpolitikken 2021-2024 - regjeringen.no](https://www.regjeringen.no)

Sykkylven kommune. (2021). *Innbyggerundersøking 2019 versjon 10.09* (Rapport). [https://www.sykkylven.kommune.no/\\_f/p1/i77ab7b08-dce5-4883-9e0f-d112b85ef328/innbyggerundersoking-2019-versjon-1009.pdf](https://www.sykkylven.kommune.no/_f/p1/i77ab7b08-dce5-4883-9e0f-d112b85ef328/innbyggerundersoking-2019-versjon-1009.pdf)

Økokrim (2022). Økokrim trusselvurdering 2022. Hentet 9.5.2023 fra [Økokrims trusselvurdering 2022 - Økokrim \(okokrim.no\)](https://www.okokrim.no)

Universitetet i Stavanger (2022). Ny rapport setter søkelys på tidlig innsats i livet. Hentet fra: [Ny rapport setter søkelys på tidlig innsats tidlig i livet | Universitetet i Stavanger \(uis.no\)](https://www.uis.no)

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal (2023). Forventningsbrevet 2023 – Våre forventninger til kommunane. Hentet 25.05.2023 fra: <https://www.statsforvalteren.no/nn/More-og-Romsdal/Kommunal-styring/container-kommunemote/forventningsbrev2023/>

## 6. VEDLEGG 1: INTERKOMMUNALE SELSKAP

- Attvin AS
- Muritunet AS
- Aure Omsorgsbustader AS
- Sykkylven Bustadselskap AS
- Sykkylven Energi Holding AS
- Byrg Kompetanse AS
- Storfjordterminalen AS
- Hareid Fastlandssamband AS
- Velledalen i Balanse AS
- Sykkylven Næringsutvikling AS
- Plusslab AS
- Sykkylven Ressurssenter AS/FU
- Velledalen i balanse AS
- Sykkylven Næringsutvikling AS
- Utviklingsforum for Ålesund lufthavn
- Straumgjerdet Vassverk
- Norsk Møbelfagleg senter
- Kompetansesenter for norsk møbelindustri
- Sykkylven friluftsentert
- Åknes/Tafjord IKS
- Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal Storfjord Kulturhus SA
- Sunnmøre kontrollutvalssekretariat
- Møre og Romsdal Revisjon SA



## Møre og Romsdal Revisjon SA

Hovedkontor: Kristiansund

Avdelingskontor: Ålesund, Molde, Surnadal

Eiere:

Aure, Averøy, Kristiansund, Rindal, Smøla, Surnadal,  
Tingvoll, Aukra, Hustadvika, Gjemnes, Molde, Rauma,  
Sunndal, Vestnes, Fjord, Giske, Sula, Stranda, Sykkylven,  
Haram og Ålesund. Møre og Romsdal fylkeskommune.

## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 15/24	Sykkylven kontrollutval	19.06.2024

## Meldingar

### **Sekretariatet si tilråding:**

Kontrollutvalet tek meldingane til vitande.

### **Underliggende saker**

- 08/24 Innspel frå Norsk forbund for utviklingshemmede - Sykkylven og Stranda lokallag
- 09/24 Informasjon om bladet kontroll & revisjon

## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
MS 08/24	Sykkylven kontrollutval	19.06.2024

### **Innspel frå Norsk forbund for utviklingshemmede - Sykkylven og Stranda lokallag**

**Sekretariatet si tilråding:**

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

**Bakgrunn:**

Sykkylven kontorllutval har motteke eit innspel frå NFU Sykkylven og Stranda lokallag. Brevet ligg ved, og lokallaget har fått stadfesting på at kontrollutvalet har motteke brevet.

Møre og Romsdal Revisjon SA, som var i slutfasen av arbeidet med risiko- og vesentleganalysa når dette innspelet kom, er gjort kjent med innhaldet i det.

**Vedlegg**

Innspel til kontrollutvalet frå NFU Sykkylven og Stranda lokallag  
Stadfesta mottak av innspel til kontrollutvalet frå NFU Sykkylven og Stranda lokallag  
Informasjon frå NFU Sykkylven og Stranda lokallag sendt til revisor

NFU Sykkylven og Stranda lokallag

V/leiar Ann Kathrin Strømmegjerde

Under kjem ei opprømsing over nokre av tinga som ikkje fungerer til barn, ungdom og foreldre sitt beste i Sykkylven kommune. Dette må gjerast noko med.

**Barnevern** må vere villig til å dele på kunnskap dei har erverva seg gjennom kurs også til andre einingar. Dei må også vere villige til å delta i eit tverrfaglig samarbeid med barn som har tjenester innanfor fleire område i kommunen. Dette for å bevare heilskapsperspektivet og ikkje minst familieperspektivet.

Saksbehandlarar innrømmer at dei har lite kunnskap om autisme. Sykkylven kommune er overrepresentert med barn innanfor autismspekteret. Det er heilt naudsynt at Sykkylven si barnevernstjeneste får inn ein erfaringskonsulent innanfor nettopp dette. Ein erfaringskonsulent er ein som sjølv har autisme eller ein forelder som har fått kjenne på kroppen korleis samarbeid med BV ikkje har fungert. Andre plassar i landet har ansatt slike erfaringskonsulentar og opplevd at både barn og foreldre føler seg tryggare og dermed ynskjer å samarbeide. I motsatt fall fortsett trenden med klagane som renn inn til BV i Sykkylven, både dei som blir levert direkte på kontoret/til statsforvaltaren, men ikkje minst dei som blir levert muntlig rundt om i heile bygda.

Medan ein venter på at dei ansett slik kompetanser er det BUP, HABU og Knausen som kan bidra her i fylket. Barnet i fokus. Hjelp familien rundt barnet, ikkje prøve å motarbeide. Familiar med større omsorgsbelastning må ivareta på ein betre måte i barnevernet. Lytte, tilpasse metoder til denne spesifikke diagnosen, ikkje tru at barn med nevrodiagnoser nødvendigvis klarer å nytte seg av dei tilbuda som BV idag tilbyr (COS-P, PMTO). PMTO-konsulent innrømmer også at dei har lite kunnskap om autisme og korleis tilpasse noverandre program til desse barna.

**Ungdomsskulen** må godta at mobbing eksisterer. Det må gjerast noko med alle elevane som sit på gangen/kantina, samt dei elevane som ikkje klarer å kome til ungdomsskulen i det heile tatt. Desse ungdommane og familiare deira må møtast med forståelse og respekt. Spekter undersøkelsen skal gå på eleven sine opplevelser, det skal ikkje informerast i forkant om kva som ikkje kan regnast som

mobbing. Informasjonen til lærarane på ungdomstrinnet som ligg ute no må endrast før neste undersøking.

Ein må sjå på organiseringa av ungdomsskulen, det må vere erfaring i toppledelsen innanfor det relasjonelle til både ungdommane og familiare. Det er mogleg at det må skiftast ut personar i toppledelsen på ungdomsskulen som ikkje ynskjer å jobbe relasjonelt. Kommunen har mange andre arbeidsplassar der ein slepp å jobbe direkte inn mot sårbar ungdom og familiane deira. Alle er ansatte i Sykkylven for tiden her, derfor må ein regne med å bli fytta på dersom ein egner seg bedre til å jobbe med noko anna. Det å ha ansvar for så mange ungdommar er ei alvorleg stilling. Det passer derfor ikkje for alle.

**Tjenestekontoret:** rollene som koordinator, saksbehandlar og tildelar må delast i tre personar for at saksgangen skal vere tilstrekkeleg og fagleg forsvarleg.

**Barneskulane:** dei barna som sitt på grupperom og som ikkje klarer å vere inne i undervisninga i særleg grad må ha krav på ein (eller fleire) alternative opplæringsarenaer. Det er ikkje hverken fagleg eller sosialt å sitje aleine på eit grupperom. Såleis følgjer ikkje skulane opplæringslova for desse barna. Dette er eit avvik.

Barnepsykolog må på plass snarast. **Helsesjokepleier** v/Aure barneskule seier dei ikkje har kompetanse til å ta unna køa/avslag fra BUP. Då må Sykkylven kommune ansette kompetanse. "Det er enklere å bygge barn enn å reparere voksne" -Lions. Psykisk helseteam for barn og unge (som ikkje eksisterer enda) må også favne om søsken.

**Saksbehandlar i PPT** seier til foreldre som har barn på autismespekteret at ein må kutte ned i enkeltvedtaka deira rundt 4./5.-klasse. Barna må øve seg på å tilpasse seg samfunnet dei skal ut i. Samfunnet kjem ikkje til å tilpasse seg dei. Er det slik at dei ber ein som sit i rullestol om å røyse seg å gå sjølv, for ein må tilpasse seg samfunnet? Eller kva med ein som ikkje kan sjå? Ikkje kan høyre?

Det er merkelig at ei alvorlig nevrodagnose ikkje skal vege like tungt. Ein funksjonsnedsettelse er og blir ein funksjonsnedsetteslse. Alle menneske med funksjonsnedsettelse har krav på den tilrettelegginga dei treng. Desse barna/ungdommane har gjerne søsken. Desse har få rettigheter her i Sykkylven

kommune dessverre. Autismeforeninga var i kontakt med helsestasjonen for å få på plass samtalegrupper om det å vere søsken til eit barn/ungdom med utfordrande adferd. Dei stilte sågar med full lønn dersom 1-2 helsesjukepleiarar kunne gjere dette 1 kveld i veka over 6 veker. Nei, vi vil ikkje gjere slikt arbeid er svaret. Her var det altså ikkje pengane som mangla eingong.

For foreldre som "står utanfor og ser inn" kan det virke som om einingane er kvar sin silo og at det tverrfaglige samarbeidet ikkje fungerer etter intensjonen. Vi må dele på kompetansen vår, til det beste for barna/ungdommane. Det skal også vere mogleg å vere fagleg ueinig, drøfte problemstillingar og prøve å sjå ting frå fleire sider internt i ei kommune. Ein kan ikkje vere redd for å fagleg kritisere nokon i ei anna eining. Vi må heller ikkje gløyme å lære av foreldra, som tross alt er dei som står barna/ungdommen nærast. Når ein bygg ein god og trygg relasjon med foreldre og barn, er resultatet samarbeid, begge vegar.

**Ber om at kontrollkomiteen gjennomfører revisjon i desse einingane:**

- barnevern
- ungdomsskulen
- tjenestekontoret
- kommunale barneskular
- PPT
- helsestasjon
- tverretatleg samarbeid

Med vennleg helsing

Ann Kathrin Strømmegjerde

Styreleiar i NFU Sykkylven og Stranda lokallag

Ann Kathrin Strømmegjerde

Dykkars ref.

Vår ref.  
24/58

Dato  
28.05.2024

## Innspel til kontrollutvalet - om barn, unge og foreldre sitt beste i Sykkylven kommune

Sunnmøre kontrollutvalssekretariat IKS (SKS IKS) har på vegne av Sykkylven kontrollutval motteke innspela dine via leiar i kontrollutvalet Leonhard Vårdal.

Alle innspel og henvendingar til kontrollutvalet vert journalførte som innkomen post med namn på avsendar, fordi kontrollutvalet er eit offentleg organ.

Innspelet vert lagt fram for kontrollutvalet til deira informasjon.

Kontrollutvalet vurderer sjølve om dei vil prioritere å sjå nærare på det innspelet tek opp.

Dette vil kome fram av møteprotokollen til kontrollutvalet.

Du vil ikkje få ytterlegare svar frå kontrollutvalet på desse innspela dine.

Kontrollutvalet har berre plikt til å behandle dei saker som kommunestyret ber dei om eller som går fram av forskrift om kontrollutval og revisjon.

På generelt grunnlag og som hovudregel, er det utanfor kontrollutvalet sitt mandat å behandle klagesaker, saker som er til behandling i rettsapparatet, usemje i politiske vedtak eller varsel etter Arbeidsmiljøloven kap. 2a.

Med helsing  
Solveig Kvamme  
Seniorrådgivar SKS IKS  
90741399

Kopi til

Leonhard Vårdal

Myrebakken 22

6230

SYKKYLVEN

**Postadresse**

Postboks 7881 Spjelkavik  
6022 Ålesund

**Besøksadresse**

Lerstadvegen 545  
6022 Ålesund

**Telefon**

92 61 17 35 (Bjørn)  
90 74 13 99 (Solveig)

**Org.nr**

889 117 192

**E-post**

post@sksiks.no

Ingrid Walstad Larsen

Dykkars ref.

Vår ref.  
24/58

Dato  
28.05.2024

## Informasjon frå NFU Sykkylven og Stranda lokallag

Sunnmøre kontrollutvalsekretariat har i dag 28. mai mottatt noko informasjon frå NFU Sykkylven og Stranda lokallag. (NFU er Norsk forbund for utviklingshemmede). På vegne av Sykkylven kontrollutval vel vi å dele denne informasjonen med oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor for den risiko- og vesentlegvurderinga som kontrollutvalet har i bestilling.

Vi har forståing for at revisjonen no er i sluttfasen av arbeidet med rapporten, men meiner at det likevel kan vere nyttig at de kjenner til desse synspunkta som brevet tek opp, før de ferdigstiller rapporten.

Brevet frå NFU vert lagt fram for Sykkylven kontrollutval i same møte som rapporten frå risiko- og vesentlegvurderinga vert behandla, 19. juni 2024.

Med helsing  
Solveig Kvamme  
Seniorrådgivar SKS IKS  
90741399

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*

Vedlegg  
Innspel til kontrollutvalet - om barn, unge og foreldre sitt beste

Kopi til  
Leonhard Vårdal                      Myrebakken 22                      6230                      SYKKYLVEN

Postadresse	Besøksadresse	Telefon	Org.nr	E-post
Postboks 7881 Spjelkavik 6022 Ålesund	Lerstadvegen 545 6022 Ålesund	92 61 17 35 (Bjørn) 90 74 13 99 (Solveig)	889 117 192	post@sksiks.no



## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
MS 09/24	Sykkylven kontrollutval	19.06.2024

## Informasjon om bladet kontroll & revisjon

### **Sekretariatet si tilråding:**

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

### **Bakgrunn:**

Informasjon frå NKRF kontroll & revisjon om at bladet kontroll & revisjon no er tilgjengeleg i ein digital i bla-venleg versjon.

### **Vedlegg**

Bladet kontroll & revisjon i digital utgåve

# Fra og med nr.1 – 2024 **kontroll & revisjon** i digital bla-vennlig utgave

Fra nr. 1/2024 tilbyr vi kontroll & revisjon i digital, bla-vennlig e-utgave for dem som ønsker det.

Du kan selv velge om du ønsker tilgang til bladet både på papir og digitalt, eller alternativt bare på papir eller bare digitalt. Abonnementsprisen påvirkes ikke av ditt valg.

**Eksterne abonnenter som ønsker tilgang til digital e-utgave av bladet, må gi oss beskjed til [post@nkrf.no](mailto:post@nkrf.no)**

Du vil da få en e-post i retur med nærmere informasjon om hvordan du får tilgang til de digitale utgavene av kontroll & revisjon.

**De som ikke lenger ønsker å motta bladet i papirversjon (gjelder både eksterne abonnenter og NKRFs medlemmer), må gi oss beskjed om dette til [post@nkrf.no](mailto:post@nkrf.no)**

